# Årsmelding 2020



## Voss herad



1. ORGANISASJON OG SATSINGSOMRÅDE 4

2. SENTRALE KAPITTEL 10

3. INTERNKONTROLL 15

4. UTVIKLING I BEFOLKNING 2015- 2020 17

*5.* ÅRSREKNESKAP 18

6. INVESTERINGAR 21

7. BUDSJETTKORRIGERINGAR 24

8. KOMMUNEN SINE TENESTEOMRÅDE 27

9. KOMMUNALE FØRETAK 67

10. VEDLEGG 69

# Den fyste sida

Sit og blar i boke som du ga me
Les om ting som ikkje borde skje
Men så finn e att den fyste sida
Der det står ko sæl du æ i me
Det står om svære land og svunne tider
Om eit fjell som lokka følk i kne
Men e blar opp att den fyste sida
Der det står ko sæl du æ i me
Men når kvelden set me att åleine
Og tanko farta vidt i kring
Då blar e opp den fyste sida
Og æ sæl før at du let me inn
D'æ så mangt å lesa om, før tide
Kan nok finne meining, ro og fred
Men det beste æ den fyste sida
Der det står ko sæl du æ i me
Men når kvelden set me att åleine
Og tanko farta vidt i kring
Då blar e opp den fyste sida
Og æ sæl før at du let me inn
Tenk om e skreiv bok om mine tanka
Vart nok mange tomme sido, det
Men e veit at på den fyste sida
Sku det stå at e æ sæl i de

*Ørnulf Juvkam Dyve (Staut)*

2020 er året som ikkje let seg gløyma. Alt er sagt om at det var eit annleis og vanskeleg år. For Voss herad sin del var det lagt opp til at det skulle vera eit annleis år. Blanke ark. På fyste sida stod det at nytt herad skulle vera tufta på tillit.
Framkomsten til koronaen vart eit lynkurs i meir tillit. I løpet av ei helg i mars vart jobben til kvar einaste tilsett i Voss herad endra. Og det gjekk bra. Gode tenester vart levert.

*Rådmann Arild McClellan Steine*

Og vesla lerka ho hev det so,
at finn ho ein tuvetopp fri for snjo
so kved ho i med sin gladaste song,
so trur ho på vår med ein einaste gong.

*Per Sivle*

# 1. Organisasjon og satsingsområde

Planlegging inneber å setja mål for kommunen, og å skildra kva endringar og tiltak som må gjerast for å nå måla. 2020 var fyrste året av Voss herad sine planar. Mykje har vore gjort i året som gjekk, men alt vart ikkje som planlagd i 2020 og noko av planlagd aktivitet har vorte utset.

Ei forenkla hierarkisk framstilling av dei ulike planane i kommunen er vist i figuren under.




Voss herad sin visjon og verdiane våre gjev retning for korleis me skal utvikla kommunen. Visjonen vår om å vera **eit sterkt regionsenter med levande bygde**r, vert fastsett i kommuneplanen sin samfunnsdel. Det har vore jobba med kva kommunen skal gjera vidare for å nå måla i samfunnsdelen i løpet av 2020. Det er blant anna utarbeida:

- Planstrategi for perioden 2020-2023
- Ulike kunnskapsgrunnlag til planar (folkehelse, FN berekraftsmål, utfordringar som må løysast i ulike planar m.m)

Planarbeidet byggjer på dei tre satsingsområde: **«Attraktive Voss – bygd for sterke opplevingar», «innovative Voss – med røter og vengjer» og «inkluderande Voss – bygd for alle»**. Vidare har det vore jobba med å aktivt bruka FN sine berekraftsmål. FN sine berekraftsmål er her framstilt i ein pyramide der dei ulike nivåa vert integrert i kvarandre og «alt heng saman med alt». Mål og delmål fastlagt i

samfunnsdelen vil liggja på ulike nivå men arbeidet med å prioritera innsats og oppgåver i åra som kjem vil kunna verta meir intuitiv gjennom å nytta pyramiden som arbeidsverktøy.




Kommunen har ei viktig rolle som samfunnsutviklar, men også som tenesteytar og arbeidsgjevar. Nokre satsingsområde er difor meir internt retta. Den raude tråden med berekraft og berekraftsmåla er likevel noko som går igjen på alle område. Interne innsatsområde og planoppgåver i 2020 har vore:

**Økonomi**

Økonomisk berekraft og handlingsrom er avgjerande for å halde på, og vidareutvikla tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar. Stabilitet og føreseieleg økonomiske politikk gir god kvalitet i tenestene, nøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette.

Voss og Granvin har hatt ein robust økonomi i fleire år, men åra 2018 og 2019 har vore utfordrande for Voss kommune då driftstutgiftene har auka betydeleg, samtidig som sentrale inntekter har vore ganske stabile. For å skapa økonomisk handlingsrom og berekraftig økonomi har det i 2020 vore jobba med:

- Å redusera utgifter ved å effektivisera og gjennomføra omstilling i tenesteområda
- Effektivisera og forenkla arbeidsprosessar - tenesteinnovasjon

- Langsiktig planlegging for å få gode resultat på måltal
- God økonomistyring og budsjettdisiplin

For å klara omstillinga til å få ei berekraftig økonomi starta Voss herad prosjektet iPluss2023. I grove trekk omhandlar dette omstilling og realisering av effektiviseringskrava i økonomiplanen for å oppnå eit netto driftsresultat på 1,75 % ved utgangen av 2023.

God økonomistyring vil bidra til eit godt driftsresultat, og til å halda eit godt økonomisk handlingsrom for Voss herad. Dette er ein føresetnad for å bygga opp eit godt tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar. Opplæring til leiarar i kommunen om økonomi har difor vore eit satsingsområde i 2020.

**Effektiv organisering etter målgrupper**

- Effektiv og kvalitativ tenesteyting med god brukarinnsikt
- Effektiv, tilgjengeleg og rettvis forvalting
- Voss herad har ei heilskapleg og koordinert areal-, samfunns- og tenesteutvikling som legg vekt på gode arbeidsprosessar på tvers av fag- og tenesteområda.

Det skal utviklast ein framtidsretta styringsmodell for å sikra at måla til Voss herad vert nådd, og at internkontrollen er systematisk og tilpassa storleiken, eigenarten, aktivitetane og risikoforholda til kommunen. I løpet av 2020 er fundamentet for dette utarbeida i dokumenta Styring i Voss herad og Internkontroll i Voss herad.

**Klart språk**

Ei viktig satsing er å byggja ein kultur som set alle tilsette i Voss herad i stand til å bruka klart språk i all kommunikasjon med tenestemottakarar og innbyggjarar. Dette gjeld tekstar på nett og i sosiale media, svarbrev frå kommunale tenester og i kommunikasjonen med omverda elles. I heile 2020 har dette vore jobba med, og det var ekstra gjevt at Voss herad vann prisen for årets nynorsk kommune i 2020. I grunngjevinga står det "På sitt solide kulturgrunnlag har storkommunen – eller heradet som det no heiter – arbeidd grundig og systematisk for å ta vare på nynorsken som bruksspråk og for å styrkje nynorsken som ein viktig del av den lokale identiteten.

Under koronakrisa har heradet vore ein trygg støttespelar for innbyggjarane. All offentleg informasjon i heradet er på nynorsk, og dei tilsette i heradet får systematisk opplæring i god målbruk.»

**Skapande og inkluderande arbeidsgjevar med myndiggjorte leiarar og medarbeidarar**

2020 var det året me skulle byggja kultur, leiarskap og medarbeidarskap. Mykje har vore gjort, men pandemien har også lagt ein dempar på noko. Det har blitt utvikla ein leiaridentitet som skal sikra utvikling av motiverande leiarar. Denne fekk rådmannen lagt fram for alle leiarar på ei felles samling.  Arbeidsgjevarpolitikken har blitt vidareutvikla med ei rekkje nye retningsliner og føringar.

**Lean i Voss herad**

Kontinuerleg forbetring er å tenkja forbetring i alt me gjer. Me skal oppnå betre flyt i arbeidsprosessane, fjerna sløsing, læra av erfaringar og henta ut gevinstar.

Me skal laga system og kultur for læring og kunnskapsdeling. Lean er ein metodikk me vil nytta i forbetringsarbeidet. Innspel til forbetringar kan koma frå tilsette, brukarar, innbyggjarar, resultat og hendingar. Me skal gjera det som skapar verdi for brukarane og innbyggjarane.

Me har i 2020 satsa på å implementera Lean som verktøy og metode. Innovasjonsavdelinga har gjennomført opplæring i stabane, og er godt i gang med opplæring i dei ulike avdelingane. Opplæringa er satt saman av heildagssamlingar der deltakarane får teoretisk og praktisk gjennomgang. Me har utvikla to kurs i Lean som alle har tilgang på i KS Læring, samt deltaking i gruppa på Teams som heiter «Vossalean». Her oppfordrar me til interaktiv diskusjon for å dela kunnskap og erfaringar, legg ut malar for verktøy, og dei kan melda inn utførte forbetringar.

For å jobba med forbetringsforslag i avdelingane nyttar me fysiske eller digitale tavler. Alle kan skriva ned forbetringsforslag på fysiske eller digitale post it-lappar. Dei digitale tavlene har vore effektive i no som mange har hatt heimekontor, og gjer det enkelt å halda struktur på prosessen. Dei utførte forbetringane vert meldt inn via skjema i «Vossalean», og vert delt i tavle og oversikt slik at me kan heia på og læra av kvarandre.

**Arbeidsmiljø prega av motivasjon, arbeidsglede og «me»-kultur**

Ei viktig satsing i perioden framover vert å byggja ein ny, god og felles organisasjonskultur for alle tilsette i Voss herad. Det må jobbast på mange plan for å skapa ein kultur som gjev ei kjensle av dette er «me» i Voss herad. Kulturen skal leggja til rette for ein innovativ og endringsdyktig organisasjon. Det skal vera rom for å gjera feil, og samstundes gode system for å læra av feila, det vil seia ein god kultur for kontinuerleg forbetring. Dette arbeidet har starta i Voss herad sitt fyrste år.

**Likestilling - løn og kjønnsfordeling**

Voss herad er den største arbeidsgjevaren i kommunen med ca.1230 årsverk og skal i samsvar med ein av verdiane våre vera ein inkluderande arbeidsgjevar. Me skal vera etisk bevisst og lojal mot alle verdiane til heradet. Og me skal setja mangfald høgt. Den nye leiaridentiteten er ei rettesnor for alle leiarar i kommunen.

Vinteren 2020 vart det vedteke ny rutine for handtering av konflikt, utilbørleg åtferd og trakassering. Målsetjinga er at Voss herad skal handsama konflikt, utilbørleg åtferd og mobbing/trakassering på ein

ryddig og rettvis måte, i tråd med lovverket. Det skal vera trygt å melda frå om kritikkverdige forhold for tilsette i heradet. Voss herad har ikkje hatt saker som gjeld diskriminering i 2020.

Gjeldande hovudtariffavtale regulerer i stor grad lønsfastsetjinga i kommunen. Mange store yrkesgrupper i kommunen har løn i høve til sentralt fastsett minsteløn, med eventuelle endringar gjort i lokale lønsforhandlingar. Andre får si løn fastsett i lokale forhandlingar med grunnlag i føringar i hovudtariffavtalen (HTA) og eventuelle lokale føringar avtalt mellom partane.

Ved tilsetjing i einskilde stillingar vert det gjeve "løn etter avtale". Det vert her teke omsyn til generelt lønsnivå i tilsvarande stillingar og bransje, kompetanse, rekrutteringsbehov og krav frå søkjar.

I 2020 vart det gjennomført lokale lønsforhandlingar i kap 3 og 5. Rådmannen vurderer at oppgjeret ikkje endra lønstilhøva mellom kvinner og menn.

I overordna leiargruppe (rådmannen si leiargruppe) er det 3 menn og 5 kvinner. Dei største tenesteområda innan oppvekst og helse og omsorg har begge ein høg del kvinner. I deira øvste leiargrupper er både kvinner og menn. 57 % av leiarane i kommunen er kvinner, og 43 % menn.

I 2020 blei likestillings- og diskrimineringslova endra med arbeidsgjevar si aktivitets- og utgreiingsplikt. Koronapandemien har gjort at dette arbeidet ikkje er kome skikkeleg i gang. Ei meir omfattande utgreiing vil bli gjort i årsmelding 2021.

**Sjukefråvær**

Overordna mål for Voss herad er at innan 2022 skal sjukefråværsprosenten reduserast med 10 % samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018. (det føl av IA avtalen). Måltalet for Voss herad er at fråværet totalt er 7,2 % eller under til utangen av 2022. I 2020 var totalt fråvær i heradet 8,4 %.

Voss herad skal satsa på arbeid for å redusera sjukefråvær. Konkret skal arbeidsmiljøgruppene jobba med risikovurdering knytt til fråvær, sjå på trendar og om fråvær kan skuldast forhold på arbeidsplassen. Det skal årleg gjevast internopplæring i sjukefråværsarbeid til leiarane.

Fråværsstatistikk for 2020:

| **Tenesteområde** | **Total 2019** | **Totalt 2020** | **Eigenmeldt 2020** | **Legemeldt 2020** |
|---|---|---|---|---|
| Administrasjon og leiing | 2,3 | 4,8 | 0,5 | 4,3 |
| Grunnskule | 6,8 | 6,3 | 0,8 | 5,5 |
| Barnehage | 10,9 | 10,4 | 2,3 | 8,1 |
| Barnevern og støttetenester | 9,8 | 8,5 | 1,1 | 7,4 |
| Integrering | 3,4 | 4,5 | 0,4 | 4,2 |
| Helse | 3,1 | 3,5 | 0,6 | 2,8 |
| Omsorg | 9,9 | 11,4 | 1,4 | 9,9 |
| Sosialtenester | 5,8 | 2,9 | 0,4 | 2,5 |
| Kultur og fritid (inkl. kyrkja) | 3,6 | 6,3 | 0,6 | 5,7 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Plan, næring og forvalting | 6,4 | 3,8 | 0,7 | 3,1 |
| Samferdsel | 1,5 | 0,3 | 0,3 | 0 |
| Eigedom og bustad | 9,8 | 5,7 | 1,4 | 4,3 |
| Brann og ulukkesvern | 1,1 | 1,9 | 0,2 | 4,6 |
| Vatn, avlaup og renovasjon | 2,5 | 9,6 | 1,1 | 8,2 |

Ser ein på sjukefråværet i einingane, er det barnehage og omsorg som skil seg ut med det høgste fråværet. Omsorg har hatt ein auke i fråværet frå 2019- 2020 med 15 %, barnehage hadde ein svak nedgang frå 2019-2020. Barnevern og støttetenester ligg og høgt på årsresultatet, men ser ein på fråvær pr tertial, så er det 1. kvartal som er drivaren, etter det har det vore god nedgang.

Omvendt på Vatn, avlaup og renovasjon. Det er siste tertial i 2020 som er med og driv totalen opp. Dette kan skje i avdelingar med færre tilsette, det gir fort utslag begge vegar.

SSB (Statistisk Sentralbyrå) leverer tal i kvartal og etter næring og sektor. For sektoren Undervisning og Helse- og sosialtenester var resultata for komuneforvaltinga slik i 4. kvartal 2020.

| **Næring** | **SSB 4. kvartal 2020** | **Voss herad 4. kvartal 2020** |
|---|---|---|
| Undervisning (Førskule og grunnskule) | 7 | 9,1 |
| Helse og omsorgstenester (Helsetenester, Pleie- og omsorg i institusjon og omsorgsbustadar, sosiale omsorgstenester utan butilbod) | 8,3 | 9,3 |

Heradet ligg i 4. kvartal 2020 over snittet i landet på fråvær i desse to sektorane, Ei kjelde til feil kan vera om vårt utval samsvarar med SSB sitt og kan samanliknast heilt.

Når det gjeld koronarelatert fråvær utgjorde det innmeldte koronarelaterte fråværet i 2020 0,4% av sjukefråværet. Av det var 0,3% eigenmeldt- og 0,1% legemeldt fråvær.

**Lærlingar**

Landstinget i KS anbefalte i 2016 kommunane om å etablera fleire læreplassar i kommunal sektor til minst 2 per 1000 innbyggjarar. Voss herad ligg eit stykke bak dette målet. I snitt hadde kommunane i landet 1,43 lærlingar per 1000 innbyggjarar i februar 2018. Voss kommune hadde på same tid 12 lærlingar, og det vil seia i underkant av 1 per 1000 innbyggjarar.

I 2020 hadde heradet 13 lærlingar. Det er eit mål å auka talet i 2021.

# 2. Sentrale kapittel

## Finansielle måltal

Økonomiske måltal er eit viktig verktøy for å styra økonomien til kommunen i ønska retning. Måltala er førande for budsjett og økonomiplan, men kan fråvikast einskilde år. Kommunen sine måltal er:

| Måltal | Minimum | Mål | Skildring |
|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 1,75 % | 3 % | Syner om drifta er finansiert av inntektene for perioden. |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter | 6,5 % | 7 % | Syner kor store reservar kommunen har. |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | Ikkje relevant | 65 % | Syner gjeldsgraden, der målsettinga er at denne er stabil over tid. |

**Netto driftsresultat**

Netto driftsresultat seier noko om kva midlar som ikkje er nytta i drifta i inneverande år, og som kan setjast av til fond til seinare bruk i driftsrekneskapen eller til finansiering av investeringar. Eit negativt netto driftsresultat gjer at kommunen må bruka meir av fond enn me avset for å koma i balanse. Det er tilrådd av netto driftsresultat bør liggja på 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Voss herad fekk eit positivt netto driftsresultat på ca. 27,9 mill.kr. Dette utgjer ca. 1,84 % av brutto driftsinntekter. Dette er eit godt resultat, men hovudgrunnen til at det vart så bra var at kommunen mottok 22,314 mill.kr i reformstøtte med kommunesamanslåinga som i sin heilskap vart sett av på fond. Dersom me tek ut desse midlane frå driftsinntektene er netto driftsresultat på 5,6 mill.kr og 0,38 %.

**Disposisjonsfond**

Disposisjonsfond kan nyttast fritt til ulike føremål og er kommunen sine reserver. Teknisk berekningsutval tilrår at dette bør vera minimum 5 % av driftsinntektene for kommunane i landet. Ved inngangen av 2020 hadde kommunen 66 604 868 kr på disposisjonsfond. Reservane er redusert med nær 3,6 mill.kr i 2020, og ved utgangen av året var det 63 020 777 kr. Det er likevel nytta mindre av disposisjonsfond enn budsjettert, då kommunen fekk eit positivt resultat i drifta. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter utgjer ved utgangen av 2020 4,1 %. Kommunen ligg under ønska nivå og må auka reservane framover.

**Lånegjeld**

Den totale lånegjelda har auka i 2020 frå 1 354 113 496 til kr 1 372 802 332 kr. Kommunen har måltal på netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktingar) trekt frå totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlige lån (utlån av egne midler). Denne ligg over ønska nivå.

I dei økonomiske oversiktene i årsmeldinga er rekneskap 2019 teke med. Dette er rekneskapstala for Voss kommune pluss Granvin herad. Desse rekneskapstala er ikkje direkte samanliknbare med rekneskap 2020 då organisasjonsstrukturen er endra og det er kome ny kommunelov og forskrifter frå 2020.

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Opph. bud. | Rev. bud. 2020 | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Frie disponible inntekter | | | | | |
| Rammetilskudd | -498 836 | -525 413 | -550 992 | -555 733 | 4 741 |
| Inntekts- og formuesskatt | -438 463 | -439 130 | -428 230 | -431 925 | 3 695 |
| Eiendomsskatt | -62 585 | -67 672 | -69 572 | -65 172 | -4 400 |
| Andre generelle driftsinntekter | -55 894 | -73 931 | -72 905 | -73 223 | 319 |
| **Sum Frie disponible inntekter** | **-1 055 778** | **-1 106 146** | **-1 121 699** | **-1 126 054** | **4 355** |

### Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter består av skatt og rammetilskot, og er kommunen sine største inntektskjelder. Skatt på formue og inntekt, og rammetilskotet som kjem frå staten er budsjettert med utgangspunkt i statsbudsjett 2020.

Rammetilskot er eit tilskot frå staten som i utgangspunktet er fordelt etter innbyggjartal (393 mill.kr i 2020). Det vert deretter korrigert for utgiftsutjamning (kor teoretisk dyr ein kommune er å drifta) (nær 71 mill.kr), særskilde saker (5,6 mill.kr i 2020), inndelingstilskot (17,6 mill.kr), regionsentertilskot (4,3 mill.kr) og skjønstilskot (6,8 mill.kr). I tillegg har kommunen fått auka rammetilskot og skjønstilskot med 23,9 mill.kr for å dekka meirutgifter og tapte inntekter med koronapandemien.

Kommunen budsjetterte med inntekt frå skatt og formue på nær 440 mill.kr i 2020. Denne skatten kjem i hovudsak frå privatpersonar. Mange av innbyggjarane vart og er hardt råka økonomisk av koronapandemien, ved at dei er blitt arbeidsledige eller har fått redusert løn som følgje av redusert omsetnad i firma eller dei er permittert. Voss herad reduserte difor skattebudsjettet med 10,9 mill.kr i 1.tertialrapport, til ca. 440,2 mill.kr (inkl. naturressursskatt). Faktiske nivået vart nær 444 mill.kr, altså 3,7 mill.kr over budsjett. Inntektsutjamninga vart på 25,8 mill.kr, og 1,8 mill.kr under budsjett. Samla sett var skatt på inntekt og formue og inntektsutjamninga 1,9 mill.kr høgre enn budsjettet. Dette ligg 7,1 mill.kr lågare enn 2019 nivået.

Eigedomsskatt var budsjettert med nye føresetnader om justering av skattegrunnlaget og endra skattesats for bustad og fritid til 4 promille, og 7 promille på næring. Inntekter frå eigedomsskatt kraftverk auka noko i perioden. Det faktiske nivået vart noko under budsjett på grunn av kommunen ikkje kunne gjera ei justering av takst (10 % kontorjustering) som følgje av kommunesamanslåinga.

Administrasjonen har i gjennom 2020 gjennomført ei stor retaksering av alle eigedomsskattepliktige eigedommar i heradet, og totalt har 10 970 eigedomar fått nytt grunnlag for berekning av eigedomsskatt frå 2021. Av desse har 6 489 eigedomar fått kommunalt fastsett takst, medan 4481 bustadar fått skattegrunnlag basert på verdiestimat frå Skatteetaten (bustadverdi). Grunnlaget er gjeldande for utskriving av eigedomsskatt frå og med skatteåret 2021. Det har vorte lagt ned eit omfattande arbeid med å få nye takstar på plass. Administrasjonen har jobba med dette igjennom store delar av 2020 med støtte frå innleigd konsulenthjelp. Det har vorte gjennomført 11 møter i sakkunnig nemnd.

Andre generelle statstilskot er i hovudsak integreringstilskot for flyktningar og reformstøtte ved kommunesamanslåing. Nivået på tilskot til flyktningar vert sterkt påverka av tal flyktningar me mottek for busetjing og integrering.

Voss herad mottok 22,3 mill.kr i reformstøtte, som er eit eingangstilskot på grunn av kommunesamanslåing. 10 mill.kr av desse vart avsett på fond til bygdeutvikling i Granvin. Resterande beløp er sett av på bundne driftsfond for å dekka utgifter med å byggja ny kommune.

## Finansinntekter og -utgifter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Opph. bud. | Rev. bud. 2020 | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Finansinntekter/-utgifter | | | | | |
| Renteinntekter | -18 212 | -15 737 | -15 737 | -15 252 | -485 |
| Utbytter | -10 970 | -9 870 | -9 870 | -10 223 | 353 |
| Renteutgifter | 24 840 | 27 689 | 27 689 | 21 559 | 6 130 |
| Avdrag på lån | 52 990 | 53 620 | 53 620 | 53 313 | 308 |
| **Sum Finansinntekter/-utgifter** | **48 648** | **55 702** | **55 702** | **49 396** | **6 307** |

Renteinntekter og utbyte (frå BKK og Voss energi) har vore omtrent som venta ved utarbeiding av budsjettet.

Voss herad har auka langsiktig gjeld frå kr 1 354 113 496 til kr 1 372 802 332 igjennom 2020. Av dette var kr 1 370 813 037 gjenstand for gjeldsforvaltning.

Året 2020 har vore prega av fall i rentemarknaden, og for fyrste gong gjekk Noregs Bank si styringsrente til 0,0 %. Voss herad har i løpet 2020 arbeida aktivt med å flytta delar av heradet si gjeldsportefølje frå tradisjonelle banklån og over til marknadsbasert finansiering. Dette er gjort for å henta billigare finansiering til heradet. Oppsummert har aktiv forvaltning av gjeldsporteføljgja gitt heradet ein lågare rentekostnad i 2020 på ca 800-900 tusen kr samanlikna med å gjera tilsvarande finansieringar med lik løpetid i tradisjonell bank. Per 31.12.2020 var kr 772 792 048 finansiert ved sertifikat, obligasjonar eller FRN.

Nøkkeltal for gjeldsportefølja:

| **Nøkkeltal** | **31.12.2020** | **31.12.2019** |
|---|---|---|
| Lånegjeld | 1 370 813 037 | 1 351 354 065 |
| Rentebindingstid | 1,18 år | 0,35 år |
| Vekta gj.snitt rente | 1,17 % | 2,28 % |
| Rentebinding under 12 mnd | 62,62 % | 93,54 % |

Overgang til aktiv gjeldsforvaltning gjer at heradet no nyttar ei rekkje forskjellige gjeldsinstrument i finansieringa av heradet. Delar av gjeldsporteføljа er finansiert med korte innlån, medan andre delar av porteføljа er finansiert med lenger løpetid. Pr 31.12.2020 var 76,05 % av porteføljа finansiert med løpetid over 12 månadar.

Oversikt kapitalbinding:

| Forfallsintervall | Pålydende i NOK | Kapitalbinding | Prosentvis andel av porteføljen |
|---|---|---|---|
| Under 1 år | 328 330 266 | 0,21 | 23,95% |
| 1 til 2 år | 183 411 | 1,86 | 0,01% |
| 2 til 3 år | 319 801 997 | 2,50 | 23,33% |
| 3 til 5 år | 132 403 333 | 4,23 | 9,66% |
| >5 år | 590 094 030 | 11,53 | 43,05% |
| **SUM** | **1 370 813 037** | **6,01** | **100,00%** |

Pr 31.12.2020 var gjeldsporteføljа i tråd med alle finansielle krav i finansreglementet.

## Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

*Beløp i 1000*

| | **Rekneskap 2019** | **Opph. bud.** | **Rev. bud. 2020** | **Rekneskap** | **Avvik i kr** |
|---|---|---|---|---|---|
| Avsetnader og bruk av avsetnader | | | | | |
| Overføring til investering | 0 | 10 900 | 8 135 | 7 417 | 717 |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond | 3 303 | 8 899 | 19 986 | 31 132 | -11 145 |
| Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond | -20 062 | -9 390 | -14 626 | -6 386 | -8 240 |
| **Netto avsetnader** | **-16 759** | **10 409** | **13 495** | **32 163** | **-18 668** |

Overføring av midlar til investering vart omtrent som budsjettert.

Netto avsetnad og bruk av bundne driftsfond utgjer vel 31 mill.kr i avsetnad. Av dei store postane her er 10 mill.kr i avsetnad til bygdeutviklingsfond i Granvin, 12,3 mill.kr til kommunereformarbeid og 6 mill.kr i konsesjonskraft som vert sett av til Kraftfondet.

Netto avsetnad og bruk av disposisjonsfond var budsjettert med netto bruk på 14,6 mill.kr. Sidan rekneskapen for kommunen gjekk i pluss trengte ikkje kommunen bruka så mykje av disposisjonsfondet som planlagd. Kommunen brukte 8,2 mill.kr mindre enn planlagd, noko som betrar måltalet for kor stort disposisjonsfondet bør vera.

## Utvikling i netto driftsresultat

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap i fjor | Opph. bud. i fjor | Opph. bud. | Rev. bud. | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|---|
| Bruk av avsetninger | | | | | |
| Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk | -2 524 | 0 | 0 | -3 901 | -3 901 |
| Bruk av disposisjonsfond | -35 572 | -7 992 | -14 700 | -20 951 | -7 601 |
| Bruk av bundne driftsfond | -22 331 | -17 484 | -10 588 | -17 748 | -23 521 |
| **Sum bruk av avsetnader** | **-60 426** | **-25 476** | **-25 288** | **-42 600** | **-35 023** |
| **Avsetninger** | | | | | |
| Overført til investering | 0 | 0 | 10 900 | 8 135 | 8 517 |
| Avsatt til disposisjonsfond | 8 162 | 320 | 4 220 | 3 901 | 4 017 |
| Avsatt til bundne driftsfond | 18 061 | 4 740 | 16 000 | 33 895 | 50 437 |
| **Sum avsetnader** | **26 224** | **5 060** | **31 120** | **45 931** | **62 971** |
| **Netto driftsresultat** | **30 301** | **20 424** | **-5 832** | **-3 331** | **-27 947** |
| | | | | | |
| **Sum driftsinntekter** | **-1 441 725** | **-1 353 808** | **-1 421 999** | **-1 459 635** | **-1 520 322** |
| | | | | | |
| **Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter** | **-2,1 %** | **-1,5 %** | **0,4 %** | **0,2 %** | **1,8 %** |

# 3. Internkontroll

Alle kommunar har sjølvstendig ansvar for å føra kontroll med eiga verksemd. Ansvaret er lovfesta i kommunelova § 25-1, og det er rådmannen som har overordna ansvar for internkontrollen i Voss herad. Me skal likevel ha internkontroll på alle nivå i organisasjonen, og alle leiarar har ansvar for kontroll i eiga avdeling. Det er difor viktig at me legg til rette for dette. Lova spesifiserer ikkje korleis me skal jobba i praksis, så me må tilpassa internkontrollen til vår verksemd.

**Kommunelova §25-1**

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Voss kommune og Granvin herad hadde ulik tilnærming til internkontroll, og ved inngangen til 2020 var den overordna internkontrollen generelt på eit lågare nivå enn ynskja. Som nytt herad har me moglegheit til å endra dette, og setja ein ny standard for internkontroll. Me kan ikkje forventa å få god internkontroll på alle prosessar med ein gong, då me må starta med dei mest kritiske områda fyrst. På nokon område har me allereie gode rutinar for internkontroll, og me skal ikkje endra alle desse. Me skal jobba for å ha internkontroll som er god nok.

**KS sin "Modenhetspyramide", frå <u>Kommunedirektørens internkontrollrettleiar</u>**




I 2020 låg kommunen på formalisert nivå i modningspyramiden til KS, med nokre reglement, rutinar og retningslinjer på plass. Me har ikkje risikobasert internkontroll på overordna nivå, og me rapporterer ikkje systematisk på aktivitet og resultat i heile organisasjonen. Dette ligg på fyrste akseptable nivå i pyramiden**, systematisert internkontroll**, og vårt fyrste mål er å kome opp på dette nivået.

I 2020 vart det jobba med å definera kva god internkontroll er i Voss herad, og føringar vart lagt for arbeidet framover. I samband med dette, vart dokumentet «Internkontroll i Voss herad» utarbeida. Dette notatet skal gje leiarane i Voss herad føringar for korleis dei skal jobba med internkontroll i si avdeling, og det gjer grunnlag for vidare arbeid med internkontroll i kommunen.

> ***Føremålet med internkontroll er å sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre og at me følgjer lovverk og føreskrifter.***

Sentrale verktøy for internkontrollen er formalisering, risikovurdering og avvikshandtering. Arbeidet med å få på plass naudsynte reglement, rutinar og retningslinjer starta opp i 2019, haldt fram gjennom 2020, og vil vera eit viktig arbeid også inn i 2021. Internkontrollen skal vera risikobasert, som vil si at me skal gjennomføra risikovurderingar for å identifisera område der det er naudsynt å setja i verk tiltak. Dokumentet som vart utarbeida i 2020 fortel korleis leiarane skal gjennomføre slike vurderingar, og metodikken vert implementert i organisasjonen i 2021. Eit større arbeid om anskaffing og implementering av programvare, eit system for internkontroll, har starta opp, og vil ha høg prioritet i 2021. Dette systemet skal gjera det enklare for leiarar å ha kontroll med sin verksemd, og på den måten kan me få god kontroll på alle nivå i organisasjonen.

# 4. Utvikling i befolkning 2015- 2020

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Folketal ved inngangen av kvartalet** | **15 268** | **15 447** | **15 447** | **15 508** | **15 543** | **15 740** |
| Fødde | 160 | 164 | 164 | 165 | 150 | 161 |
| Døde | 136 | 171 | 145 | 154 | 143 | 150 |
| **Fødselsoverskot** | **41** | **-11** | **19** | **11** | **7** | **11** |
| Innvandring | 194 | 242 | 131 | 85 | 140 | 70 |
| Utvandring | 36 | 70 | 62 | 61 | 28 | 41 |
| Innflytting, innanlands | 480 | 481 | 515 | 504 | 484 | 473 |
| Utflytting, innanlands | 599 | 540 | 545 | 504 | 476 | 466 |
| **Nettoinnflytting, inkl. inn og utvandring** | **39** | **113** | **39** | **24** | **120** | **36** |
| **Befolkningsvekst** | **77** | **102** | **61** | **35** | **132** | **47** |
| **Folketalet ved utgangen av kvartalet** | **15 345** | **15 447** | **15 508** | **15 543** | **15 675** | **15 787** |

**År**



# 5. Årsrekneskap

## §5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2020 | Rev. bud. 2020 | Opph. bud. 2020 | Rekneskap 2019 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskudd | -555 733 | -550 992 | -525 413 | -498 836 | 4 741 |
| Inntekts- og formuesskatt | -431 925 | -428 230 | -439 130 | -438 463 | 3 695 |
| Eiendomsskatt | -65 172 | -69 572 | -67 672 | -62 585 | -4 400 |
| Andre generelle driftsinntekter | -73 223 | -72 905 | -73 931 | -55 894 | 319 |
| **Sum generelle driftsinntekter** | **-1 126 054** | **-1 121 699** | **-1 106 146** | **-1 055 778** | **4 355** |
| **Korrigert sum bevillingar drift, netto** | **1 047 034** | **1 061 094** | **1 043 040** | **1 036 232** | **14 060** |
| Avskrivinger | 66 894 | 45 685 | 45 685 | 67 187 | -21 209 |
| **Sum netto driftsutgifter** | **1 113 928** | **1 106 779** | **1 088 725** | **1 103 419** | **-7 149** |
| **Brutto driftsresultat** | **-12 126** | **-14 920** | **-17 421** | **47 641** | **-2 794** |
| Renteinntekter | -15 336 | -15 837 | -15 837 | -18 717 | -501 |
| Utbytter | -10 223 | -9 870 | -9 870 | -10 970 | 353 |
| Renteutgifter | 23 319 | 29 360 | 29 360 | 26 544 | 6 041 |
| Avdrag på lån | 53 313 | 53 620 | 53 620 | 52 990 | 308 |
| **Netto finansutgifter** | **51 072** | **57 273** | **57 273** | **49 847** | **6 201** |
| Motpost avskrivninger | -66 894 | -45 685 | -45 685 | -67 187 | 21 209 |
| **Netto driftsresultat** | **-27 947** | **-3 331** | **-5 832** | **30 301** | **24 616** |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | |
| Overføring til investering | 8 517 | 8 135 | 10 900 | 0 | -383 |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond | 26 916 | 16 148 | 5 412 | -4 269 | -10 768 |
| Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond | -7 486 | -20 951 | -10 480 | -29 933 | -13 466 |
| Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat** | **27 947** | **3 331** | **5 832** | **-34 203** | **-24 616** |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **0** | **0** | **-3 901** | **0** |

## §5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2020 | Rev. bud. 2020 | Opph. bud. 2020 | Rekneskap 2019 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon og leiing | 67 303 | 78 671 | 82 767 | 78 234 | 11 368 |
| Plan, næring og forvalting | 23 508 | 26 666 | 25 923 | 26 038 | 3 158 |
| Samferdsel | 29 853 | 29 903 | 31 714 | 40 061 | 50 |
| Eigedom og bustad | 10 710 | 16 273 | 21 557 | 16 360 | 5 563 |
| Brann og ulukkesvern | 11 594 | 13 108 | 13 418 | 13 409 | 1 514 |
| Vatn, avlaup og renovasjon | -13 155 | -12 793 | -3 813 | -5 792 | 363 |
| Politisk styring | 6 856 | 7 588 | 7 605 | 8 808 | 732 |
| Finansielle postar/økonomi | -13 950 | -42 698 | -40 898 | -42 137 | -28 748 |
| Grunnskule | 229 717 | 233 787 | 247 685 | 251 411 | 4 071 |
| Barnehage | 140 964 | 139 802 | 139 272 | 133 656 | -1 162 |
| Barne- og familietenestene | 60 445 | 56 739 | 57 118 | 58 070 | -3 706 |
| Integrering og vaksenopplæring | 14 341 | 11 409 | 11 476 | 19 683 | -2 932 |
| Helse | 39 138 | 42 676 | 39 368 | 34 557 | 3 538 |
| Omsorg | 342 918 | 363 408 | 361 460 | 361 147 | 20 490 |
| Sosialtenester | 45 972 | 41 081 | 41 214 | 39 472 | -4 892 |
| Kultur og fritid (inkl.kyrkja) | 48 281 | 46 882 | 49 704 | 53 689 | -1 399 |
| **Sum bevillingar drift, netto** | **1 044 495** | **1 052 501** | **1 085 567** | **1 086 665** | **8 007** |
| | | | | | |
| Av dette: | | | | | |
| Avskrivinger | 0 | 0 | 45 533 | 66 677 | 0 |
| Netto renteutgifter og -inntekter | 1 677 | 1 571 | 1 571 | 1 199 | -106 |
| Overføring til investering | 1 100 | 0 | 0 | 0 | -1 100 |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond | -4 216 | -3 839 | -3 487 | -7 572 | 377 |
| Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond | -1 100 | -6 325 | -1 090 | -9 871 | -5 225 |
| | | | | | |
| **Korrigert sum bevillingar drift, netto** | **1 047 034** | **1 061 094** | **1 043 040** | **1 036 232** | **14 060** |

## §5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2020 | Rev. bud. 2020 | Opph. bud. 2020 | Rekneskap 2019 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskudd | -555 733 | -550 992 | -525 413 | -498 836 | 4 741 | 0,9 % |
| Inntekts- og formuesskatt | -431 925 | -428 230 | -439 130 | -438 463 | 3 695 | 0,9 % |
| Eiendomsskatt | -65 172 | -69 572 | -67 672 | -62 585 | -4 400 | -6,3 % |
| Andre skatteinntekter | -18 852 | -18 030 | -18 030 | -19 475 | 822 | 4,6 % |
| Andre overføringer og tilskudd fra staten | -54 372 | -54 875 | -55 901 | -36 441 | -503 | -0,9 % |
| Overføringer og tilskudd fra andre | -200 967 | -134 218 | -118 427 | -193 796 | 66 749 | 49,7 % |
| Brukerbetalinger | -55 013 | -61 433 | -63 756 | -62 003 | -6 421 | -10,5 % |
| Salgs- og leieinntekter | -138 288 | -142 335 | -133 720 | -132 851 | -4 047 | -2,8 % |
| **Sum driftsinntekter** | **-1 520 322** | **-1 459 685** | **-1 422 049** | **-1 444 450** | **60 637** | **4,2 %** |
| Lønnsutgifter | 772 141 | 749 700 | 756 109 | 764 543 | -22 441 | -3,0 % |
| Sosiale utgifter | 193 917 | 198 516 | 205 097 | 192 481 | 4 600 | 2,3 % |
| Kjøp av varer og tjenester | 363 292 | 350 244 | 311 362 | 358 632 | -13 048 | -3,7 % |
| Overføringer og tilskudd til andre | 111 952 | 100 620 | 86 375 | 109 247 | -11 331 | -11,3 % |
| Avskrivninger | 66 894 | 45 685 | 45 685 | 67 187 | -21 209 | -46,4 % |
| **Sum driftsutgifter** | **1 508 196** | **1 444 766** | **1 404 628** | **1 492 090** | **-63 430** | **-4,4 %** |
| **Brutto driftsresultat** | **-12 126** | **-14 920** | **-17 421** | **47 641** | **-2 794** | **-18,7 %** |
| Renteinntekter | -15 336 | -15 837 | -15 837 | -18 717 | -501 | -3,2 % |
| Utbytter | -10 223 | -9 870 | -9 870 | -10 970 | 353 | 3,6 % |
| Renteutgifter | 23 319 | 29 360 | 29 360 | 26 544 | 6 041 | 20,6 % |
| Avdrag på lån | 53 313 | 53 620 | 53 620 | 52 990 | 308 | 0,6 % |
| **Netto finansutgifter** | **51 072** | **57 273** | **57 273** | **49 847** | **6 201** | **10,8 %** |
| Motpost avskrivninger | -66 894 | -45 685 | -45 685 | -67 187 | 21 209 | 46,4 % |
| **Netto driftsresultat** | **-27 947** | **-3 331** | **-5 832** | **30 301** | **24 616** | **739,0 %** |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | |
| Overføring til investering | 8 517 | 8 135 | 10 900 | 0 | -383 | -4,7 % |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond | 26 916 | 16 148 | 5 412 | -4 269 | -10 768 | -66,7 % |
| Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond | -7 486 | -20 951 | -10 480 | -29 933 | -13 466 | -64,3 % |
| Dekning av tidligere års merforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| **Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat** | **27 947** | **3 331** | **5 832** | **-34 203** | **-24 616** | **-739,0 %** |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **0** | **0** | **-3 901** | **0** | |

# 6. Investeringar

Under følgjer ei oversikt over dei største budsjetterte og gjennomførte investeringar i 2020 (tal i 1000 kr). Forskriftskjema jf § 5.5 om kommunar sitt årsrekneskap er oppgitt i vedlagte årsrekneskap.

| Prosjekt | **Opprinneleg budsjett 2020** | **Revidert budsjett 2020** | **Rekneskap 2020** | **Kommentar** |
|---|---|---|---|---|
| 6441 Udlabutomta | - | 29 753 | 49 929 | Prosjektet vart 1 mnd forseinka pga korona. Nokre endringar er tilkomne undervegs, men prosjektet ser ut til å enda på omlag 59,5 mill kr. Endringar er i hovudsak tilpasningar i byggefase og er innanfor kva me har forventa i dette prosjektet. God og forutsigbar prosjektstyring. |
| 2010 Planlegging fengselstomt/Rom eigedom | - | 19 000 | | Sal av fengselstomta er ført som ei inntekt i investeringsrekneskpen på 19 mill. kr. Dette beløpet vart nytta til eigenkapitalinnskot i Stasjonsgarasjen AS, og er definert som aksjekjøp i investeringsrekneskapen på utgiftssida. |
| 6872 Felleslager Boe og vegdrift- Istadmyrane | 14 875 | 17 950 | 17 914 | Prosjekt er ferdigstilt og overteke med nokre feil og manglar som må rettast opp. Boe skal kjøpe inn tilhøyrande utstyr som truck og høgtrykksvaskar, samt byggje tak over vaskeplass i eigenregi. |
| 6884 Industrifelt Istad - byggetrinn 3 | - | - | 15 712 | Ved 1. tertial var det påløpt 8,345 mill kr. I 1. tertial vedtok HST rebudsjettering av unytta lånemidlar frå 2019 med 18,245 mill kr til prosjekt 6850 med same formål. Byggetrinn 3 på Istadmyrane industrifelt er fullført frå leverandøren si side og overlevert. |
| 6463 Kjøp og sal eigedom | - | 7 711 | 7 731 | Avsetjing av inntekter frå eigedomssal til ubunde investeringsfond. Gjeld prestebustaden Myraplassen 4,7 mill, Rongavegen 22 1,9 mill og tomtesal Skielva 1,1 mill. |
| 4551 Brannsikring Voss kyrkje | 3 000 | 4 850 | 4 850 | Prosjektet med brannsikring av Voss kyrkje vart avslutta i 2020. Det er finansiert med tilskot frå Riksantikvaren og andre, og låneopptak frå Voss herad. |
| 6099 Kjøp nye bilar | 3 500 | 8 053 | 3 031 | Ved 1. tertial var det påløpt kr 0,850 mill, som gjaldt utskifting av 2 bilar til renseanlegget og vegavdelinga.<br>I 1. tertial vedtok HST rebudsjettering av unytta lånemidlar frå 2019 med 4,450 mill kr til utskifting av bilar og maskiner innanfor veg, vatn og avløp.Vidare er det anskaffa 2 bilar til VA og veg, den siste som følgje av kommunesamanslåinga. I tillegg kjem nyinvestering i mindre utstyr. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 6099 Kjøp bilar – brann og feiing | 550 | 2 021 | 2 450 | Ved 1. tertial var det påløpt kr 1,843 mill, som gjaldt siste faktura for nye utrykkingsbilar til Vossestrand og Evanger brannstasjonar, levert i desember 2019 og februar 2020.<br>I 1. tertial vedtok HST rebudsjettering av unytta lånemidlar frå 2019 med 1,471 mill kr.Vidare er det anskaffa 2 bilar innan feiing, som medfører sal av 2 bilar med kr 0,530 mill. |
| 5424 Fjordparken i Granvin | - | 2 836 | 3 340 | Ved 1. tertial var det påløpt 0,674 mill kr. Prosjektet er gjennomført som anbodsarbeid, er ferdigstilt, og alle kostnader inntektsført. Tilskot frå Sparebankstiftinga med 0,425 mill kr er innbetalt og inntektsført. I 2. tertial vedtok HST rebudsjettering av disposisjonsfond frå 2019 med netto 2,214 mill kr. |
| 4501 Eigenkapitaltilskot KLP | - | 3 217 | 3 217 | Eigenkapitaltilskot til KLP som betalast inn kvart år. Forventa nivå var på 3,4 millionar kr, men endte på omtrent 3,2 mill. |
| 6461 Utbyggingsavt. Karibyen | - | - | 2 553 | Avsetjing av innbetalte anleggsbidrag til bunde fond. |
| 2519 Brannstasjon Vossestrand | 3 500 | 4 375 | 2 302 | Prosjektet har hatt ein del utfordringar gjennom vinteren. Det vart ikkje gjeve igangsetjingsløyve (IG) på grunn av flaumsone og utfordringar med å få godkjent løysingar hjå arbeidstilsynet. Me kom difor ikkje i gang med arbeidet som planlagt i 2020 og arbeidet vil måtte pågå store delar av 2021. Det er også fare for at det vil komme ein kostnadsauke som følge av varsla auke i pris på byggjevarer. |
| 2595 Bolstad barnehage HST 60/19 | 3 125 | 1 415 | 1 381 | I budsjettvedtak for 2020 (HST sak 60/19) vart det løyvt 2,5 mill til Bolstad barnehage i frå fond. Det er etablert modulbygg, med leigekontrakt for 3 + 1 + 1 år. Prosjektet er ferdigstilt og oppgjort med etableringskostnad 1,381 mill. Frå juni kom i tillegg løpande driftskostnader på leige kr 38.000,- + straum. I 2. tertial vedtok HST rebudsjettering som medførte at resterande løyvde midlar med kr 1,368 mill vart overført til drift, og nyttast til å dekka årleg leigekostnad med kr 0,456 mill. For 2020 vart delårsverknad kr 0,266 mill. |
| 5311 Digitalisering kino (inv) | 1 400 | 1 750 | 1 274 | Det er investert i ny kinoframvisar til Voss kino. |
| 2577 Rehab tak-Skulestad skule | 2 500 | 6 306 | 1 161 | Pågåande prosjekt. Arbeid med byte av tak på ein del av Skulestad skule i 2020, arbeidet fedigstillast i 2021. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 6649 Bømoen reserve vassverk | - | 1 641 | 1 021 | I Bømoen vassverk er det bora 5 grunnvassbrønnar der 4 har bra vasskvalitet og mengde. Det har vore prøvedrift i 2 år med jamnleg prøvetaking for kontroll av vasskvalitet. Er i full gang med å levere vatn til Bjørke Industriområde (IHM).<br>Arbeid med hovudvassleidning frå Palmafossen til Bømoen vassverk også kome i gang, og planlagt ferdig i september/oktober 2021.<br>Siste steg gjenstår med å byggja vassbehandlingsanlegg på Bømoen.<br>Bømoen vassverk blir deretter kobla mot Vossevangen vassverk og og skal delta med å forsyne Voss. Planlagt produksjon ca 30 % av total produksjon. Bømoen vassverk vil også fungere som reservevasskjelde. |
| 6654 Hovudplan vatn | 3 000 | 20 505 | 1 000 | Gjeld utført arbeid i tråd med Hovudplan for vatn og avløp. Mesteparten skriv seg til nyinvestering/omlegging i tilknyting til Vegvesenet sitt arbeid med veg ved kollektivknutepunktet. |
| 6850 Industrifelt istad | - | 18 245 | 961 | Sjå kommentar prosjekt 6884 Industrifelt Istad - byggetrinn 3 |
| 5555 Kultursal, scene og tak | - | 680 | 840 | Innkjøp/montering av hev-/senkfunksjon i kultursal. Finansiering frå 7,6 mill tilskot til vedlikehald og rehabilitering, jf prioriteringsliste lagt fram i notat for FPL 17.09.2020 (referatsak 5/20, dokument 19/00392-21). |
| 5425 Dagsturhytte | - | 550 | 819 | Betaling av 1. avdrag med 0,269 mill, og avsetjing av tilskot 0,550 til bunde fond. |
| 2513 Voss sjukeheim - oppgradering teknisk rom | - | - | 806 | Mindre arbeid utført i 2020 grunna avvente beslutning om bygging av kjøkken og ny legevakt. |
| 2592 Vangen skule oppgr KST 4/19 | 3 750 | 3 750 | 785 | |
| 3017 Biler helse og omsorg | 700 | 700 | 773 | |
| 2594 Voss ungdomsskule oppgr KST 4/19 | 6 250 | 6 250 | 579 | |
| 6836 Diverse anlegg - vegfond | 1 875 | 3 895 | 500 | |
| 2596 Ny barnehage i Granvin | 23 750 | 18 750 | - | |

# 7. Budsjettkorrigeringar

I arbeidet med årsoppgjeret vart det gjort nokon korrigeringar i budsjett. Det vil sei at budsjettet kan avvika på nokon budsjettpostar frå revidert budsjett slik det var lagt fram i siste budsjettendringssak i desember 2020. Dette gjeld drifts- og investeringsbudsjett, og er tekniske justeringar eller korrigering av feilføring.

## Drift

Korrigeringane i drift som fører til endring i ramma på tenesteområde gjeld reformstøtte. 1,7 millionar kr låg på område administrasjon og leiing, og vart flytta til rett område "finansielle poster/økonomi". Andre korrigeringar gjeld mellom anna å få på plass rett prosjektnummer, og bruk av retta art ved bruk av avsetting til disposisjonsfond.

| Prosjekt/art | | Budsjettkorrigering |
|---|---|---|
| **Utan prosjektkode** | - | **4 350 000** |
| 12700 Konsulenttenester | | 10 000 |
| 15400 Avsett til disposisjonsfond | | 4 480 000 |
| 15700 Overføring investeringsrekneskap | - | 16 098 634 |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | | 7 258 634 |
| **Reformstøtte** | | - |
| 15400 Avsett til disposisjonsfond | - | 8 700 000 |
| 15500 Avsett til bundne fond | | 8 700 000 |
| **2520 Vetleflaten - ventilasjon** | | **700 000** |
| 15500 Avsett til bundne fond | | 522 000 |
| 15700 Overføring investeringsrekneskap | | 178 000 |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | | - |
| **2595 Bolstad barnehage HST 60/19** | | - |
| 15700 Overføring investeringsrekneskap | | 1 132 000 |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | - | 1 132 000 |
| **2596 Ny barnehage i Granvin** | | - |
| 15700 Overføring investeringsrekneskap | | 5 000 000 |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | - | 5 000 000 |
| **4501 Eigenkapitalinnskot KLP** | | - |
| 15700 Overføring investeringsrekneskap | | 3 216 634 |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | - | 3 216 634 |
| **5311 Digitalisering kino (inv)** | | - |
| 15700 Overføring investeringsrekneskap | | 1 400 000 |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | - | 1 400 000 |
| **5425 Dagsturhytte** | | - |
| 15700 Overføring investeringsrekneskap | | - |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | | - |
| **5555 Kultursal, scene og tak** | | **1 150 000** |

| | | |
|---|---|---|
| 15500 Avsett til bundne fond | | 469 938 |
| 15700 Overføring investeringsrekneskap | | 680 062 |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | | - |
| **6331 Tinghusplassen - uteområde tinghuset** | | **1 500 000** |
| 15500 Avsett til bundne fond | | 2 335 624 |
| 15700 Overføring investeringsrekneskap | | 164 376 |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | - | 1 000 000 |
| **6436 Aktivitetspark/festivalområde** | | **1 000 000** |
| 15500 Avsett til bundne fond | | 936 350 |
| 15700 Overføring investeringsrekneskap | | 63 650 |
| 19400 Bruk av disposisjonsfond | | - |
| **Sum** | | **-** |

## Investering

Korrigeringar i investeringsbudsjett gjeld i stor grad flytting av låneopptak og bruk av ubrukte lån til rett prosjekt. Låneopptak er også flytta til rett teneste, frå 880 til 870. Det er gjort korrigering på bruk av fond, då noko som skal avsettast til bundne fond låg budsjettert på ubundne fond. Beløp på sal av eigedom (HST 121/20 1.0.1) vart flytta til rett art, då det låg på avsett til ubundne fond. Det er også gjort rettingar på moms og momskompensasjon i investeringsbudsjett.

| **Teneste/art** | | **Budsjettkorrigering** |
|---|---|---|
| **221 Barnehage- lokale og skyss** | | **-** |
| 02300 Tjenester/varer nybygg -nyanlegg | - | 54 720 |
| 04290 Mva komp inv. 25% | | 54 720 |
| **261 Institusjonslokale** | **-** | **522 000** |
| 02300 Tjenester/varer nybygg -nyanlegg | - | 382 000 |
| 04290 Mva komp inv. 25% | - | 140 000 |
| **335 Parkar og plassar** | **-** | **3 271 974** |
| 02300 Tjenester/varer nybygg -nyanlegg | - | 3 271 974 |
| **360 Naturforvaltning og friluftsliv** | | **-** |
| 05400 Avsett ubunde inv.fond | - | 550 000 |
| 05500 Avsett til bundne fond | | 550 000 |
| **386 Kommunale kulturbygg** | **-** | **469 938** |
| 02300 Tjenester/varer nybygg -nyanlegg | - | 469 938 |
| **841 Kompensasjon for meirverdiavgift i investeringsrekneskapet** | | **440 000** |
| 07290 Momskompensasjon | | 440 000 |
| **870 Renter, utbytte og lån** | **-** | **16 211 376** |
| 07290 Momskompensasjon | - | 2 686 508 |
| 09100 Lånemidlar | - | 13 524 868 |
| **880 Interne finansieringstransaksjonar** | | **20 035 288** |
| 04290 Mva komp inv. 25% | | 1 935 068 |
| 05290 Aksjekjøp | | - |

| | | |
|---|---|---|
| 05400 Avsett ubunde inv.fond | | 3 056 283 |
| 06700 Sal av tomter | - | 3 056 283 |
| 09100 Lånemidlar | | 13 921 588 |
| 09400 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | | - |
| 09700 OVERFØRT FRÅ DRIFTSREKNESKAP | | 4 178 632 |
| **Sum** | | **-** |

# 8. Kommunen sine tenesteområde

## Administrasjon og leiing

**Beskriving av tenesteområde**
Tenesteområdet omfattar rådmann og administrative funksjonar og fellestenester for Voss herad. Stabsavdelingane HR og Innovasjon, Strategi og styring og Innbyggjarservice har ansvar for dei fleste funksjonane her.

Tenesteområdet har ansvar for å legga til rette for politiske og administrative avgjersler, analyse- og utgreiingsarbeid, organisasjonsutvikling, verksemdstyring og internkontroll, samfunnsutvikling, kommunikasjonstenester, samfunnstryggleik og driftsstøtte til verksemda. Målgrupper for tenestene er innbyggarar, politikarar og andre kommunalområde (internt).

**Om 2020 og viktige hendingar**

I 2020 har det vore arbeidd med å byggja ein ny og felles organisasjonskultur i tråd med verdiane og organisatoriske mål for heradet.

Gode prosessar for plan- og styring, er saman med god leiing ein føresetnad for at heradet når måla sine. Eit viktig arbeid var difor å få på plass eit godt leiings - og styringssystem. Hausten 2020 utarbeidde me ny leiaridentitet. Leiaridentiteten seier noko om kva leiing me ynskjer for heradet, og vil vera noko å strekka seg etter. Eit viktig mål er å setja kunden/brukaren i sentrum. Det er sett i gang eit leiarutviklingsprogram, der dette vert arbeidd med.

Me har utarbeidd etiske retningslinjer og varslingsrutinar. Desse er viktige når me skal byggja organisasjonskulturen. Voss herad skal vera ein tillitsskapande organisasjon med høg etisk standard. Dette er tema for leiarsamlingane.

Det vart ikkje gjennomført medarbeidarundersøking i 2020. Dette er i samsvar med planane om gjennomføring vinteren 2021, dvs. etter eitt års drift av den nye kommunen.

Status lærlingar: I 2020 hadde heradet 13 lærlingar. Det er eit mål å auka talet i 2021.

Det har vore gjennomført eit større arbeid med å taksera eigedomar som ikkje har fastsett verdi i Skatteetaten sitt formuesgrunnlag.

Skatteoppkrevinga blei statleggjort 1.11.2020. For Voss herad utgjorde skatteoppkrevjinga 2,7 årsverk, og tre personar gjekk over til å jobba i Skatteetaten.

Ansvaret for å følga opp Voss herad sitt eigarskap i selskap, interkommunale samarbeid (IKS) og arbeidsmarknadsbedrifter ligg også i administrasjonen. Voss herad er ved inngang til 2020 eigar eller deleigar i 27 ulike selskap stiftingar og lag. Samla verdiar i desse utgjer pr. 1. januar 2020 i overkant av

180 millionar kroner. I tillegg har heradet to kommunale føretak (KF). Heradsstyret vedtok ein eigarskapspolitikk for kommunen i 2020. Eigarskapspolitikken skal medverka til god politisk styring og kontroll i tillegg til å leggja rammene for korleis kommunen skal utøva sitt eigarskap.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 56 767 | 50 264 | 51 929 | 1 665 | 3,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 26 257 | 22 568 | 27 032 | 4 465 | 16,5 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 3 932 | 3 246 | 5 613 | 2 367 | 42,2 % |
| Overføringsutgifter | 7 069 | 6 603 | 3 797 | -2 806 | -73,9 % |
| Finansutgifter | 7 058 | 1 022 | 275 | -747 | -271,7 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **101 083** | **83 703** | **88 646** | **4 942** | **5,6 %** |
| Salgsinntekter | -4 412 | -3 390 | -3 643 | -252 | 6,9 % |
| Refusjoner | -9 687 | -9 435 | -3 422 | 6 013 | -175,7 % |
| Overføringsinntekter | -21 | -100 | 0 | 100 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -8 728 | -3 475 | -2 910 | 565 | -19,4 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-22 849** | **-16 401** | **-9 975** | **6 426** | **-64,4 %** |
| **Netto resultat** | **78 234** | **67 303** | **78 671** | **11 368** | **14,5 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjon | 71 922 | 63 065 | 77 030 | 73 778 | 10 713 | 14,5 % |
| Administrasjonslokale | 4 192 | 1 630 | 3 339 | 1 414 | -216 | -15,3 % |
| Fellesutgifter | 823 | 617 | 531 | 630 | 13 | 2,0 % |
| Tjenester utenfor kommunalt ansvarsområde | 78 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Naturforvaltning og friluftsliv | 1 219 | 1 991 | 1 867 | 2 850 | 859 | 30,1 % |
| **Sum** | **78 234** | **67 303** | **82 767** | **78 671** | **11 368** | **14,5 %** |

## Kommentar til status økonomi

Administrasjon og leiing har eit mindreforbruk i høve budsjett på nær 11,4 mill.kr. Det skuldast noko lågare aktivitet på grunn av koronapandemien og mindre omfattande arbeid med kommunesamanslåinga enn planlagd.

Det er eit mindreforbruk på driftsutgifter i eigenproduksjon på nær 4,5 mill.kr. Dette omfattar mindreforbruk på bl.a forbruksmateriell, kurs og samlingar, bruk av eksterne ressursar og inventar og utstyr. Det var også budsjettert med at utgiftene til eigedomsskattetaksering skulle påløpa i 2020, medan mesteparten er fakturert i 2021.

Det er også motteke tilskot og refusjonar som er høgre enn venta.

# Finansielle postar/økonomi

## Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet er ei samling av diverse postar som består av Kostra funksjonane for rekneskapstekniske postar for pensjon (Premieavvik, amortisering premieavvik, premiefond mv), kraftinntekter og -utgifter, og motpost for avskrivingar. Det er verdt å merka seg at kommunalt rekneskap er svært forskjellig frå privat sektor. Mellom anna har ikkje avskrivingane netto resultateffekt, men låneavdraga har det.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | -30 866 | -382 | -28 567 | -28 186 | 98,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 583 | 702 | 263 | -439 | -166,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 275 | 150 | 0 | -150 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 5 582 | 8 397 | 8 395 | -1 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **-24 426** | **8 867** | **-19 909** | **-28 775** | **144,5 %** |
| Salgsinntekter | -19 141 | -22 802 | -22 789 | 13 | -0,1 % |
| Refusjoner | 4 129 | -15 | 0 | 15 | 0,0 % |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -2 700 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-17 712** | **-22 816** | **-22 789** | **27** | **-0,1 %** |
| **Netto resultat** | **-42 137** | **-13 950** | **-42 698** | **-28 748** | **67,3 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Årets premieavvik | -21 336 | -9 451 | -8 767 | -10 567 | -1 117 | -10,6 % |
| Tidlegare års premieavvik | 11 313 | 24 605 | 0 | 0 | -24 605 | 0,0 % |
| Pensjon | 460 | 521 | 0 | 0 | -521 | 0,0 % |
| Premiefond | -20 872 | -15 536 | -18 000 | -18 000 | -2 464 | -13,7 % |
| Konsesjonskraft,kraftrettigheter og anna kraft for vidare salg | -13 424 | -14 243 | -14 164 | -14 164 | 80 | 0,6 % |
| Skatt | 14 | 5 | 8 | 8 | 3 | 39,2 % |
| Rammetilskot og generelle statstilskot | 0 | 150 | 0 | 0 | -150 | 0,0 % |
| Generelt statstilskudd | 4 407 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Renter, utbyte og lån | -2 700 | 0 | 25 | 25 | 25 | 100,0 % |
| **Sum** | **-42 137** | **-13 950** | **-40 898** | **-42 698** | **-28 748** | **-67,3 %** |

**Kommentar til status økonomi**
Under tenesteområdet finansielle postar/økonomi ligg det eit vesentleg negativt avvik i høve budsjett, på omtrent 28 millionar kr. Dei store beløpa på dette tenesteområdet kjem frå pensjon og premieavvik, og utgifter til og sal av konsesjonskraft. Det store avviket på dette tenesteområdet skuldast pensjon. I revidert budsjett vart det lagt inn eit avvik mellom stipulert pensjon og betalt pensjon på omtrent 28 millionar kr, og dette ligg som ei inntekt på tenesteområdet finans. Det faktiske avviket vart på omtrent 25 millionar kr, og er i rekneskapen fordelt ut på tenesteområda. Det vil sei at reelt avvik ikkje kjem til syne i tabellen her, og avviket på pensjon ved årets slutt var på omtrent 3,5 millionar kr. Sidan det faktiske avviket vart ført på aktuelle tenesteområde betrar dette det økonomiske resultatet der.

# Grunnskule

## Beskriving av tenesteområde

Voss herad gir undervisingstilbod ved 11 grunnskular, der 8 er reine barneskular, to kombinerte barne og ungdomsskular (Vossestrand og Granvin), og éin rein ungdomsskule. Til saman har me omlag 1850 elevar i Vossaskulen

Tenestetilbodet omfattar også SFO tilbod ved 10 grunnskular frå 2020. To av skulane, Vangen, og Gullfjordungen skular tilbyr utvida SFO tilbod i haust- og vinterferie samt tre veker i sommarferien.

## Om 2020 og viktige hendingar

Det vart politisk vedteke iverksetting av to utbyggingsprosjekt i Vossaskulen, rehabiltering av Vangen skule og nytt idrettsfløy og skulebygg ved Voss ungdomsskule. Arbeidet med prosjektering er i gang.

Digital strategi for innkjøp og bruk av digitale læremiddel vart vedteke.

Det er innført ny læreplan i 2020 – fagfornyinga.

Det er også lovfesta rett til gratis SFO for elevar i 5.-7 trinn med nedsett funksjonsevne.

Elles har året vore prega av korona; nedstenging, smittevern, heimeskule på digitale flater og tilsette som har strekt seg for å ivareta elevane.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 226 949 | 227 775 | 225 343 | -2 432 | -1,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 35 208 | 31 621 | 32 319 | 698 | 2,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 16 614 | 15 156 | 6 772 | -8 384 | -123,8 % |
| Overføringsutgifter | 6 044 | 4 648 | 3 844 | -803 | -20,9 % |
| Finansutgifter | 13 778 | 1 193 | 0 | -1 193 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **298 593** | **280 393** | **268 279** | **-12 114** | **-4,5 %** |
| Salgsinntekter | -8 463 | -10 548 | -10 775 | -227 | 2,1 % |
| Refusjoner | -37 047 | -40 046 | -23 717 | 16 329 | -68,9 % |
| Overføringsinntekter | -134 | -65 | 0 | 65 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 538 | -17 | 0 | 17 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-47 183** | **-50 676** | **-34 492** | **16 185** | **-46,9 %** |
| **Netto resultat** | **251 411** | **229 717** | **233 787** | **4 071** | **1,7 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Grunnskule | 199 975 | 198 520 | 204 376 | 197 335 | -1 184 | -0,6 % |
| Skulefritidsordning | 4 433 | 3 646 | 2 822 | 3 510 | -135 | -3,9 % |
| Skulelokale | 41 215 | 22 731 | 33 492 | 25 947 | 3 216 | 12,4 % |
| Skuleskyss | 5 787 | 4 820 | 6 994 | 6 994 | 2 174 | 31,1 % |
| **Sum** | **251 411** | **229 717** | **247 685** | **233 787** | **4 071** | **1,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

For tenesteområdet grunnskule totalt er det eit mindreforbruk på kr. 4,07 mill. I desse tala er utgifter til skulelokale (både frå oppvekst og teknisk) og PPT inkludert.

PPT påverkar totalresultatet negativt med kr. 6,3 mill.. Dette skuldast at utgifta er ført på teneste 202 og inntekta er ført på teneste 290. Dette var ein teknisk feil og vil ikkje vere eit vedvarande problem. PPT har med andre ord ikkje eit stort meirforbruk, og avviket kan trekkast ifrå på grunnskule, og leggjast til på området for Barne- og familietenestene.

Totalt for tenesteområdet er det eit overforbruk på løn med kr. 2,4 mill. Dette avviket hadde vore større om det ikkje var for at utgiftene til pensjon og arbeidsgjevaravgift var lågare i 2020, og skuldast statlege tiltakspakkar til Covid-19.

Ser me på lønsutgiftene for skulane isolert er det eit meirforbruk på ca. kr. 11 mill., men fekk òg inn kr. 14,6 mill. meir i inntekter. Tenesteområdet fekk ein del tilskot for å styrka skuletenesta under

pandemien, i tillegg til å få inn meir enn førespegla på refusjon sjukeløn og refusjon frå fylkeskommunen/kommunar. Voss er eit regionssenter for gjesteelevar, der heradet tek imot fleire elevar samanlikna med nabokommunar. Dette ser me igjen på lønsutgiftene og refusjonane, og vil samstundes gjere at me har eit kunstig høgt nivå av spesialundervisning i GSI-rapporteringa.

Teneste 222 skulelokale, har eit mindreforbruk med 3,8 mill i høve revidert budsjett. Dette rekneskapsåret har det vore lågare aktivitetsnivå med innsparing gjennom vakante stillingar til vedlikehald. Koronapandemien har medført utsetjing av vedlikehald og andre driftstiltak. I samband med årsslutt vart det også klart at straumprisane har vore vesentleg lågare enn tidlegare, slik at mindreforbruk av energi på grunnskulebygg utgjorde 0,8 mill i høve revidert budsjett.

Avskrivingar er plassert på teneste 222 skulelokale med meirforbruk med 5,4 mill i høve budsjett. Inkludert avskrivingar endrar då totalresultatet for tenesteområdet seg til 1,5 mill i netto meirforbruk. Sjå eige avsnitt om avskrivingar med forklaring av omlegging av rammer og verknader av ny kommune.

## Status mål

| **Hovudmål** | **Mål** | **Statusbeskrivelse delmål** | **Indikator** | **2019** | **Ønska resultat 2020** | **Oppnådd resultat** | **Beskrivelse mål** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Inkluderande Voss | Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrsle | Vossaskulane har laga felles kommunal rutine for § 9a- trygt mijlø.<br><br>skulane har fokus på at alle elevar skal oppleva ein inkluderande læringsfellesskap. | Andel elever på mestringsnivå 1 på nasjonal prøve i regning (5. trinn) | 20,5 | 20,0 | 25,9 | Ein ser at ein ikkje når fastsette mål på nasjonale prøvar, og at ein har hatt ein svak nedgang i skår på prøvane. Ein ser at ein særleg skårar lågt i engelsk, men og i lesing. Tiltak som er sett i verk er etablering av analysegruppe som skal tolke resultata samt peike på forbetringsområde i Vossaskulen, Me vil i 2021<br>nnføre kommunal leseplan med særleg fokus på begynnaropplæringa |

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2019 | Ønska resultat 2020 | Oppnådd resultat | Beskrivelse mål |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Gjennomsnittsresultat på nasjonal prøve i regning på 8. trinn | 49,0 | 50,0 | 50,0 | ein ser her at ein har ein auke i læringsutbyttebidraget på 5.-7- årssteg. Dette viser at det er særleg på dei lågaste trinna at ein har eit auka læringspotensial, og dette er årsaka til at ein set inn tiltak her |
| | | | Gjennomsnittsresultat på nasjonal prøve i regning på 9. trinn | 51 | 52 | 53 | En ser at tala på læringsutbytte på ungdomssteget har ein auke i positiv skår |
| | | | Gjennomsnittlig grunnskolepoeng 10. trinn | 41,0 | 42,0 | 0,0 | |
| | | | Elevenes opplevelse av lærernes praktisering av prinsippene for Vurdering for læring, sammenlignet med et nasjonalt gjennomsnitt | 3,3 | 3,4 | 3,0 | Vi ser at ein har ei svak nedgang i skår, dette er noko som ein ser på i analysegruppa |
| | | | Elevenes opplevelse av trygt læringsmiljø fritt for mobbing, sett i forhold til et nasjonalt gjennomsnitt | 5,0 | 4,8 | 12,0 | Her viser tala ein stor auke i tal elevar som ikkje opplever at dei har eit trygt miljø. Det er nokre få skular som har ein stor auke i skår på trygt miljø. Desse skulane er difor med i satsinga inkluderande skulemiljø. Dei skulane som skåra lågt, har hatt ei stor auke i positiv skår på undersøkinga i inneverande skuleår. |

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | Ønska 2019 resultat 2020 | Oppnådd resultat | Beskrivelse mål |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Elevenes opplevelse av utdannings- og yrkesråd-givningen, sett i forhold til et nasjonalt gjennomsnitt | 3,9 | 3,4 | |

# Barnehage

### Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar 9 kommunale og 8 private barnehagar og styrkt barnehagetilbod. I tillegg kjem Vonheim open barnehage. Per 15.12.2018 er det samla for Voss herad 810 barn i barnehage fordelt på 466 i kommunale og 344 i private barnehagar, med ei samla barnehagedekning på 94 %.

### Om 2020 og viktige hendingar

2020 har vert eit spesielt år i høve til Covid – 19. Barnehagane var stengt ein periode i mars/april og dette førte til tapte inntekter i høve foreldrebetaling, og barnehagane har fått meirutgifter knytt til smittevern utstyr.

Alle med rett på plass etter lovkrav, har fått tilbod om barnehageplass i 2020. Nokre barn som har søkt etter fristen har også fått tilbod om plass men ikkje til alle som ønskjer plass.

Bolstad barnehage opna hausten 2020.

Det er brukt meir midlar til drift enn løyvde midlar.

Mål og resultat

Tal tilsette med barnehagelærar i forhold til landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet er på 41,8 %. Voss ligg over dette med 48%

Tal barn under tre år mål 87% – resultat 80, 9%

Tal barn over tre år mål 98% -resultat 88,1%

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 91 210 | 93 606 | 88 901 | -4 705 | -5,3 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 8 300 | 7 561 | 8 196 | 635 | 7,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 59 151 | 61 859 | 61 017 | -842 | -1,4 % |
| Overføringsutgifter | 1 375 | 1 248 | 1 064 | -184 | -17,3 % |
| Finansutgifter | 3 451 | 1 640 | 0 | -1 640 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **163 487** | **165 914** | **159 178** | **-6 735** | **-4,2 %** |
| Salgsinntekter | -14 382 | -12 657 | -13 721 | -1 064 | 7,8 % |
| Refusjoner | -12 843 | -12 292 | -5 655 | 6 638 | -117,4 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -2 606 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-29 831** | **-24 950** | **-19 376** | **5 574** | **-28,8 %** |
| **Netto resultat** | **133 656** | **140 964** | **139 802** | **-1 162** | **-0,8 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Barnehage | 114 958 | 124 827 | 122 510 | 124 076 | -751 | -0,6 % |
| Styrkt barnehage tilbod | 9 687 | 9 610 | 9 805 | 9 775 | 165 | 1,7 % |
| Barnehage- lokale og skyss | 9 011 | 6 526 | 6 957 | 5 951 | -576 | -9,7 % |
| **Sum** | **133 656** | **140 964** | **139 272** | **139 802** | **-1 162** | **-0,8 %** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområda for barnehage har ved årsslutt eit meirforbruk på om lag kr. 1,2 mill. På dei ulike tenestene er det 201 – barnehagedrift (kr. 800 000) og 221 – barnehagelokale (kr. 600 000) som har meirforbruk. Innan barnehagedrifta er det løn som utgjer mesteparten av overskridingane, og til barnehagelokale er det vedlikehaldsutgifter.

Utan ekstraløyvingane frå staten til arbeidsgjevaravgift og pensjon, så er meirforbruket på totalt kr. 4,3 mill

Teneste 221 barnehagelokale, har eit meirforbruk med 0,6 mill i høve revidert budsjett. Vedlikehaldsbudsjettet er relativt lågt, slik at evt større vedlikehald lett slår ut som overforbruk.

Avskrivingar er plassert på teneste 221 barnehagelokale med meirforbruk med 1,8 mill i høve budsjett. Inkludert avskrivingar endrar då totalresultatet for tenesteområdet seg til 2,4 mill i netto meirforbruk. Sjå eige avsnitt om avskrivingar med forklaring av omlegging av rammer og verknader av ny kommune.

# Barne- og familietenestene

## Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar barnevern, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og helsestasjon. I tillegg tilbyr tenesta støttefunksjonar til grunnskule, barnehage og integrering.

Støttefunksjonarne er:

- Kommunale logopedar, to foreldretreningsterapeutar (PMTO) og Meistringsteam, organisert under PPT.
- Familiesenter med to terapeutar og ein miljøarbeidar, organisert under barnevernet.
- Kommunepsykolog, organisert under Helsestasjonen

Støttetenestene og barnevern har ansvar for å gje hjelpetenester til born og unge i alderen 0 – 23 år. I tillegg skal dei yta hjelp til føresette til born og unge.

I løpet av 2021 er det planlagt samlokalisering av Støttetenestene i "Knutepunktet Familiens hus"

## Om 2020 og viktige hendingar

2020 var prega av restriksjonar i samband med Covid-19 utbrot. Likevel har alle tenestene vore tilbydd i perioden. Frå august har 15 av dei tilsette halde til på Hagahaugen, då det var stor plassmangel i lokala til PPT og barnevernet. Det var planlagt å selgja interkommunale PP-tenester og kommunepsykolog til Ulvik og Eidfjord frå april månad. Dette vart utsett heile 2020, og me misste difor inntekter som følgje av dette. Ny barnevernleiar vart konstituert frå mars 2020 og fast tilsett frå desember 2020.

Koronapandemien har gjort at me sparte utgifter til reising, kurs o.l.

**Tidleg innsats og førebygging**

I Barne- og familietenestene har me hatt stort fokus på tidleg innsats og førebygging.

I barneverntenesta har me hatt store utgifter til kjøp av private tenester og til fosterheimar for å stette behov for hjelp og førebygging av vidare vanskar .

I 2020 har me forsøkt etter beste evne å få ned desse utgiftene. Samstundes har me arbeidd for å styrke våre eigne tenester slik at me skal unngå privat kjøp. Me har sagt opp ein del private avtalar.

Frå august 2020 har me tilført barneverntenesta med to miljørettleiarar. Desse skal jobbe direkte mot barn/unge og drive tiltaksretta og førebyggande miljørettleiing inn i heimane. Målet er å styrke heimane slik at ein unngår flytting.

**Foreldrerettleiing**

Samtlege tilsette i Barne- og familietenestene møter foreldre i ulike samanhengar. I samarbeidsmøte og i ulike terapeutiske og rådgjevande samanhengar.

I Barne- og familietenestene satsar me på tre ulike formar for rettleiingsprogram til foreldre. Me har tilsette i alle tre einingar som har teke vidareutdanning i dei ulike rettleiingsformene.

- ***ICDP: "International Child Development Programme».*** Helsefremjande og førebyggande program for styrking av omsorg.
- ***PMTO: "Parent Management Training Oregonmodellen***. Målgruppe: foreldre til barn med gryande eller uttalte åtferdsvanskar 3-12 år
- ***COS: "Circle of Security»*** For foreldre som har vanskar i høve omsorg og tilknyting til barnet

**Kommunepsykologar**

Me har i løpet 2020 rekruttert tre kommunepsykologar. Desse er organisert under leiar i Barne- og familietenestene. Eine psykologen starta opp i april 2020, medan dei to andre starta ved årsskiftet 2021. Me ser at desse tilfører tenestene våre mykje godt direkte- og førebyggande arbeid, både klinisk arbeid og rettleiing.

**Meistringsteam**

Meistringsteamet består av tre stillingar og er organisert under PPT. Desse har frå 2019 gjort mykje godt arbeid i form av å arbeide førebyggande og direkte i høve barn med psykososiale vanskar i grunnskulen. For den eine av stillingane i Meistringsteamet har me for 2019 og 2020 fått støtte frå BUFDIR. Me har også søkt om dette for inneverande år.

**Barnevernsvakt**

Av fleire årsaker lukkast me ikkje med å starte opp barnevernvakt i 2020. Oppstarten vart difor utsett til februar 2021.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 54 427 | 55 875 | 52 987 | -2 888 | -5,5 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 12 002 | 12 039 | 9 159 | -2 881 | -31,5 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 7 274 | 9 022 | 6 159 | -2 863 | -46,5 % |
| Overføringsutgifter | 8 144 | 6 562 | 5 033 | -1 529 | -30,4 % |
| Finansutgifter | 98 | 1 | 0 | -1 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **81 945** | **83 498** | **73 338** | **-10 161** | **-13,9 %** |
| Salgsinntekter | -281 | -42 | -389 | -347 | 89,1 % |
| Refusjoner | -20 967 | -22 801 | -16 210 | 6 591 | -40,7 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -2 627 | -211 | 0 | 211 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-23 875** | **-23 053** | **-16 599** | **6 454** | **-38,9 %** |
| **Netto resultat** | **58 070** | **60 445** | **56 739** | **-3 706** | **-6,5 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Helsestasjon og skulehelse | 9 456 | 11 347 | 11 677 | 11 599 | 252 | 2,2 % |
| Barnevernsteneste | 10 373 | 10 550 | 10 899 | 10 847 | 297 | 2,7 % |
| Barnevernstiltak i familien | 5 682 | 5 900 | 6 035 | 6 025 | 125 | 2,1 % |
| Barnevernstiltak utanfor familien | 32 559 | 32 649 | 22 329 | 22 175 | -10 474 | -47,2 % |
| Interkommunale samarb.(§27-samarb.ny) | 0 | 0 | 6 178 | 6 093 | 6 093 | 100,0 % |
| **Sum** | **58 070** | **60 445** | **57 118** | **56 739** | **-3 706** | **-6,5 %** |

## Kommentar til status økonomi

I oversynet for tenesteområda i Barne- og familietenestene er det eit meirforbruk på 3,7 mill. Legg me til utgiftene som høyrer til PPT (som er registrert på teneste 202, sjå forklaring under området for grunnskule), er meirforbruket på totalt på kr. 10 mill.

Samla sett har barnevernsområdet eit meirforbruk på om lag 13 mill.kr. Dette gjeld i hovudsak teneste 252 – «Tiltak utanfor familie». Sjølve barnevernstenesta (teneste 244) går mot balanse. Innan teneste 252 – «tiltak utanfor familie», er utgiftene knytt opp mot fosterheimgodgjersle, forsterkingstiltak og institusjonsplasseringar. Dette er utgifter som har vore høge og aukande dei siste åra. Budsjettet for 2021 er auka noko til desse postane, men er ikkje tilstrekkeleg til å dekka utgiftsnivået i 2020. Tenesta jobbar med tiltak for redusera utgiftsnivået, men at dette er vanskeleg å gjennomføra på kort sikt.

# Integrering og vaksenopplæring

## Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar integreringsteneste, vaksenopplæring og spesialpedagogikk og butilbod for einslege mindreårige flyktningar (EM-tiltak).

Tenesteområdet har ansvar for busetting og oppfølging av flyktningar busetter etter avtale med iMDI (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet).

## Om 2020 og viktige hendingar

Korona har medført ein digital revolusjon. Veldig mykje av undervisninga på vaksenopplæringa har skjedd digitalt.

Det som har vore utfordrande dette året er å få tak i vikarar. Korona har også ført til at mange av kveldskursa me pleier å gjennomføre, har blitt avlyst.

Mykje av planane me hadde for integreringstenesta i 2020, er ikkje blitt gjennomført grunna korona. Integreringstenesta har brukt noko tid på mellom anna informasjonsarbeid knytt til korona. Me har laga informasjonsvideoar på ulike språk med viktig informasjon. Desse er delt både i og utanfor kommunen.

EM-tiltaket har jobba med nedbemanning både i 2019 og i 2020. Me har gått frå 18,5 stillingar i 2019 til 12,5 stillingar ved årsslutt i 2020. Våren 2020 fekk me ein ny ungdom på busetjingstiltaket.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 22 669 | 19 443 | 15 649 | -3 794 | -24,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 945 | 1 754 | 1 975 | 222 | 11,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 61 | 26 | 210 | 184 | 87,7 % |
| Overføringsutgifter | 101 | 71 | 130 | 59 | 45,1 % |
| Finansutgifter | 2 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **24 776** | **21 294** | **17 964** | **-3 330** | **-18,5 %** |
| Salgsinntekter | -596 | -141 | -390 | -249 | 63,8 % |
| Refusjoner | -3 697 | -5 960 | -5 365 | 594 | -11,1 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -801 | -853 | -800 | 53 | -6,6 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-5 094** | **-6 954** | **-6 555** | **398** | **-6,1 %** |
| **Netto resultat** | **19 683** | **14 341** | **11 409** | **-2 932** | **-25,7 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| **Teneste** | **Rekneskap 2019** | **Rekneskap 2020** | **Opph. bud. 2020** | **Rev. bud. 2020** | **Avvik i kr** | **Avvik i %** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Vaksenopplæring | 8 371 | 6 770 | 5 772 | 5 705 | -1 065 | -18,7 % |
| Introduksjonsordninga | 11 312 | 7 571 | 5 704 | 5 704 | -1 867 | -32,7 % |
| **Sum** | **19 683** | **14 341** | **11 476** | **11 409** | **-2 932** | **-25,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

For integrering og vaksenopplæring er det eit totalt meirforbruk på kr. 2,9 mill., der størstedelen av avviket er knytt opp mot introduksjonsløn. Ansvaret for einsleg mindreårige ligg organisert under integrering og vaksenopplæring i praksis, men i dette oversynet ligg rekneskapen under barnevern, teneste 252 – «Tiltak utanfor familie». EM har eit meirforbruk på kr. 900 tusen, og skuldast høgare lønsutgifter og mindre refusjonar enn førespegla.

## Status mål

| **Hovudmål** | **Mål** | **Statusbeskrivelse delmål** | **Indikator** | **2019** | **Ønska resultat 2020** | **Oppnådd resultat** | **Beskrivelse mål** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Inkluderande Voss | Alle opplever tryggleik, meistrar kvardagen og har fleiere aktive leveår med god helsa og trivsel | | Andel personar som er vidare i jobb og/eller utdanning etter introduksjonsprgram | 67,0 % | 68,0 % | | Koronasituasjonen har ført til at mange kjenner seg einsame. Det kan føre til at mange kanskje ikkje kjenner at dei vert inkludert. Vaksenopplæringa har vore flink til å ta i bruk digitale løysinger. Integreringstenesta ser at dette også kan vere ei måte dei kan nytta for å bidra til betre inkludering |

# Helse

### Beskriving av tenesteområde

Helsetenestene omfattar førebygging og behandling. Førebyggande tenester er rehabilitering og habilitering, ergo- og fysioterapitenester, støttekontakttenesta, i tillegg til legetenesta.

Tenestene skal driva med framtidsretta helsetenester som er samanhengande, er tilgjengelege, og med tidleg innsats som verkar førebyggande. Dei skal føra til at innbyggjarane meistrar sine utfordringar og lidingar som ikkje kan behandlast. I samband med opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering i kommunane, lyt me ruste oss for å overta fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta og med dette styrka rehabiliteringstilbodet. Voss herad har vedteke ein politisk strategi som er styrande for tenestetilbodet. Alle tilbod skal vera tufta på tenkinga om at innbyggjarane skal klara seg sjølve lengst mogleg i eigen heim, med rett nivå på eventuelle helsetenester heradet yter.

### Om 2020 og viktige hendingar

Det har vore eit spesielt år for helseavdelinga. Drifta måtte tidleg på året leggjast om og gitt heradet ekstra utfordringar både økonomisk og personalmessig. Det var vore naudsynt å både planlegga og etablera ekstraordinære tiltak som koronasengepost på Hagahaugen, luftvegspoliklinikk og testsenter. Fokuset blei i stor grad å driva med TISK (testing, isolasjon, smittesporing og karantene) og mykje ressursar har vore omdisponert til desse oppgåvene. Desse oppgåvene vart handtert gjennom å oppretta eit eige testsenter. For å hindra at smitte skulle koma inn på legekontora oppretta me ein luftvegspoliklinikk. Drift av luftvegspoliklinikk har gjort at kommunen ikkje har kunna halda legekontoret i Granvin ope.

Trass pandemien har me fortsatt hatt fokus på å driva med kvardagsrehabilitering og tilbydd gode helsetenester til innbyggjarane.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 28 915 | 32 232 | 33 495 | 1 264 | 3,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 5 442 | 6 511 | 5 749 | -761 | -13,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 22 417 | 20 910 | 21 598 | 688 | 3,2 % |
| Overføringsutgifter | 1 062 | 1 027 | 570 | -457 | -80,2 % |
| Finansutgifter | 1 208 | 372 | 0 | -372 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **59 045** | **61 052** | **61 413** | **361** | **0,6 %** |
| Salgsinntekter | -3 086 | -2 313 | -2 330 | -17 | 0,7 % |
| Refusjoner | -21 225 | -19 001 | -15 996 | 3 004 | -18,8 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -177 | -600 | -410 | 190 | -46,3 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-24 488** | **-21 913** | **-18 736** | **3 177** | **-17,0 %** |
| **Netto resultat** | **34 557** | **39 138** | **42 676** | **3 538** | **8,3 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Førebyggjande helsearbeid | 633 | 1 755 | 3 372 | 3 143 | 1 388 | 44,1 % |
| Lege og fysioterapi tenester | 33 924 | 37 383 | 35 995 | 39 533 | 2 150 | 5,4 % |
| **Sum** | **34 557** | **39 138** | **39 368** | **42 676** | **3 538** | **8,3 %** |

## Kommentar til status økonomi

2020 var eit år ulikt alle andre år i moderne tid, mest av alt for tenesteområdet Helse. Trass dette enda 2020 med eit positivt økonomisk resultat med eit mindreforbruk på 3,5 mill.kr. Mindreforbruket skuldast auka budsjettløyvingar til meirutgifter med korona (3,5 mill.kr) og lågare utgifter til faste oppgåver og inntekter med korona. Me har hatt mindre utgifter på fastløn og sosiale utgifter svarande til 1,2 mill.kr. Inntekter på testing og luftvegspoliklinikk svarar til 700 000 kr.

Legevakta vart i ein periode dreven i kommunal regi og det førte til ekstrautgifter på 1,8 mill.kr. 1,5 av desse vart refundert frå sjukehuset. Dette gjorde at netto utgifter til drift av normal interkommunal legevakt (IKL) vart lågare.

Dei totale meirutgiftene til legevakta på Lekvebakken er fordelt på ulike avdelingar i Voss herad, og samarbeidskommunane i IKL vert ikkje fakturert for alt dette. Meirutgiftene relatert til legevakta på Lekvebakken gjeld opprusting av bygg, skilting, kontormateriell, straum og nettleige, alarmutstyr og arbeidskraft.

Meirutgifter i samband med koronapandemien som ikkje gjeld flytting og drift på Lekvebakken gjeld stort sett løn, men også noko smittevernutstyr.

# Omsorg

### Beskriving av tenesteområde

Omsorgstenestene i Voss herad omfattar heimetenesta, dagaktiviseringstilbod, sjukeheimane og øyeblikkeleg hjelp-døgnopphald, samt tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. I tillegg har heradet tilbod om utgreiing av mogleg demens, korttidsavdelingar, omsorgsbustader for menneske med nedsett funksjonsevne og omsorgsbustader for andre med behov for oppfylging. Institusjonslokale ligg også under dette tenesteområdet.

### Om 2020 og viktige hendingar

2020 har vore eit år med mykje omstilling for omsorgstenestene. Det er gjennomført omstilling for å tilpassa drifta dei økonomiske rammene, i tillegg har omsorgstenestene vore tilpassa smittevern og handtering av koronapandemien.

Vedtakspraksisen har vore endra for omsorgstenestene i 2020. Styrande for drifta og tildeling av tenester er behovet for helse- og omsorgstenester. Kommunen har difor kunna redusera noko i bruk av langtidsplasser på Voss sjukeheim i 2020.

Område sør i Granvin har også gjort ei omstilling og er i ferd med å tilpassa seg bemanningsnivået i resten av heradet. Dette er gjort gjennom naturleg avgang.

Gjennom den fyrste svært krevjande tida med pandemi fekk avdelinga uvurderleg hjelp frå dei andre kommunalavdelingane. Det gjorde at me kunna klare å utføre oppgåvene i helse- og omsorgstenesta på ein forsvarleg måte. På det meste hadde me over 100 tilsette i karantene. Dette reflekterer også noko av det høge sjukefråveret i avdelinga i 2020. Prosjekt for å redusera sjukefråver er starta, og me må ha kontinuerleg fokus på dette vidare.

Evanger aldersheim vart avvikla i mars månad. Rehabiliteringsavdelinga vart gjort om til Koronasjukehus. Det var betydelege utgifter til opplæring av tilsette for å verta rusta til å behandla koronasjuke i kommunal regi. Over sumaren starta me opp med rehabiliteringsplassar på Voss sjukeheim.

Dagavdelinga vart grunna fare for smitte stengd i periodar gjennom året, brukarane fekk oppfølging frå dei tilsette i eigen heim.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 373 538 | 359 945 | 374 050 | 14 105 | 3,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 43 825 | 49 084 | 46 676 | -2 408 | -5,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 15 246 | 20 417 | 16 298 | -4 119 | -25,3 % |
| Overføringsutgifter | 8 167 | 7 617 | 6 766 | -851 | -12,6 % |
| Finansutgifter | 12 616 | 2 661 | 0 | -2 661 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **453 392** | **439 723** | **443 790** | **4 067** | **0,9 %** |
| Salgsinntekter | -39 824 | -32 978 | -37 855 | -4 877 | 12,9 % |
| Refusjoner | -51 120 | -62 627 | -42 522 | 20 105 | -47,3 % |
| Overføringsinntekter | -141 | -357 | -5 | 352 | -7041,7 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 159 | -843 | 0 | 843 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-92 244** | **-96 805** | **-80 382** | **16 423** | **-20,4 %** |
| **Netto resultat** | **361 147** | **342 918** | **363 408** | **20 490** | **5,6 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Aktivisering av eldre og funksjonshemma | 18 043 | 17 917 | 17 121 | 14 582 | -3 335 | -22,9 % |
| Rusomsorg | 54 | 256 | 138 | 136 | -119 | -87,6 % |
| Pleie i institusjon | 169 438 | 153 564 | 170 759 | 172 754 | 19 190 | 11,1 % |
| Pleie til heimebuande | 141 936 | 147 575 | 143 625 | 151 947 | 4 371 | 2,9 % |
| Tilbod øyeblikkelig hjelp -døgnopphald i kommune | 2 296 | 2 714 | 1 913 | 1 766 | -948 | -53,7 % |
| Institusjonslokale | 29 379 | 20 891 | 27 904 | 22 222 | 1 331 | 6,0 % |
| **Sum** | **361 147** | **342 918** | **361 460** | **363 408** | **20 490** | **5,6 %** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet hadde samla sett eit mindreforbruk på ca. 20,5 mill.kr i høve budsjett. Hovudgrunnen til dette er lågare pensjon (ca 10 mill.kr), meir refusjon og koronamidlar.

Voss sjukeheim hadde eit positivt resultat på 240 000. Det har vore eit betydeleg overforbruk i heimetenesta både i Vest og i Aust. Dei andre områda har stort sett halde sine budsjett.

Refusjon sjukeløn og større statleg tilskot ressurskrevjande brukarar auka med 9 mill.kr frå 2019 til 2020 og har eit positivt avvik på 13 mill kr. Men desse synar att i auka lønsutgifter og utgifter til BPA (brukarstyrt personleg assistent).

Kommunen har motteke mindre eigenbetaling enn budsjettert då koronatiltak førte til periodevis stengte dagplassar og mindre heimehjelp, og fordi det var færre innlagte på langtidsplass utover året. Stengte dagplassar gav og innsparing på skyss.

Innleige frå byrå gjekk 6,2 mill.kr over budsjett, men har vore naudsynt for å dekka bemanningsbehovet i omsorgstenestene. Pga stengte avdelingar nytta me tilsette andre stader i organisasjonen i perioder, så utbetalingane i juli og august til ekstrahjelp og evertid var dei lågaste nokon gong. Dessverre heldt ikkje denne trenden heile året.

Teneste 261 institusjonslokale, har eit meirforbruk med 0,5 mill i høve revidert budsjett. Meirforbruket skuldast mellom anna naudsynt vedlikehald av heisar ved Voss sjukeheim, eit arbeid som tok til i 2019, men fekk hovudvekt av kostnader i 2020.

Avskrivingar er plassert på teneste 261 institusjonslokale med meirforbruk med 1,4 mill i høve budsjett. Inkludert avskrivingar endrar då totalresultatet for tenesteområdet seg til 2 mill i netto meirforbruk. Sjå eige avsnitt om avskrivingar med forklaring av omlegging av rammer og verknader av ny kommune.

# Sosialtenester

### Beskriving av tenesteområde

Sosialtenestene i Voss herad omfattar psykisk helse og rusarbeid, NAV og integreringstenester. Me vil fortsetja å utvikla samarbeidet mellom dei ulike avdelingane i heradet. Avdelingane skal sikra samanhengande tenester.

### Om 2020 og viktige hendingar

NAV si hovudoppgåve er å få flest mogleg personar ut i arbeid. I mål- og disponeringsbrevet frå direktoratet heiter det at prioriterte grupper er ungdom under 30 år, innvandrarar som kjem frå ikkje-EØS land og personar med nedsett arbeidsevne. Det har vore jobba med dette gjennom ordinært arbeid og i prosjekt. Koronapandemien har påverka framdrifta noko.

Det har vore jobba for å styrka samarbeidet mellom Nav og barnevernstenesta om gruppa unge mellom 18-25 år som har budd i fosterheim eller barneheim.

Tiltak for dei prioriterte gruppene:

Kommunen har starta ein samarbeidsprosjekt med Kirkens Bymisjon om følgande:

1. Arbeidstilbod til rusavhengige. Eit samarbeid med NAV, kommunen, frivillige lag/organisasjonar, og private.
2. Skattkammeret. Fattigdomsprosjekt, utstyrssentral, materiell og samkøyring av andre frivillige og ideelle organisasjonar som jobbar med fattigdomstiltak.
3. Ungdomsteam.

Erfaringar viser at desse tiltaka når ut til mange i målgruppa. Psykisk helse og rusarbeid jobbar tett saman med Kirkens bymisjon for å kunne gje støtte til dei som slit med å nytte seg kommunale tilbod. Det har gitt stor effekt for fleire brukarar til å meistra sin kvardag.

Helse og omsorg satsar på psykisk helse og rusarbeid. Ein ynskjer å satsa på førebyggjande arbeid og gje eit betre tenestetilbod til dei med milde og moderate psykiske lidingar. Dette gjer ein ved å dreia teneste til meir målretta arbeid for målgruppa. Samstundes skal ein sørgja for at alle som har behov for hjelp skal kunne få det.

Det er også starta eit samarbeid med Bjørkeli DPS om individuell jobbstøtte (IPS). Målet er å få personar med psykisk liding ut i arbeid. Her er det ordinært arbeidsliv som vert nytta, ikkje tradisjonelle tiltaksplassar.

NAV og integreringstenesta arbeider i eit tett samarbeid for å få flyktningar raskare i arbeid. Her er starta eit IMDI-initiert samarbeid "Voss for alle" der i tillegg til dei nemnde òg vaksenopplæringa er med. Voss herad skal laga tilbod til dei som er lengst unna arbeidslivet, spesielt innvandrarkvinner. Det er søkt prosjektmidlar til dette.

Det er også starta eit eige prosjekt som skal implementerast som arbeidsmetode, retta inn mot store barnefamiliar med sosialhjelp som hovudinntekt. Det er søkt prosjektmidlar til dette.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 17 364 | 18 874 | 16 847 | -2 027 | -12,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 4 938 | 3 675 | 3 577 | -98 | -2,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 2 473 | 4 615 | 3 012 | -1 603 | -53,2 % |
| Overføringsutgifter | 23 286 | 24 429 | 20 153 | -4 276 | -21,2 % |
| Finansutgifter | 5 789 | 2 673 | 0 | -2 673 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **53 850** | **54 267** | **43 590** | **-10 677** | **-24,5 %** |
| Salgsinntekter | -178 | -841 | -600 | 241 | -40,2 % |
| Refusjoner | -13 128 | -4 824 | -1 859 | 2 965 | -159,5 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 070 | -2 629 | -50 | 2 579 | -5158,1 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-14 377** | **-8 295** | **-2 509** | **5 785** | **-230,6 %** |
| **Netto resultat** | **39 472** | **45 972** | **41 081** | **-4 892** | **-11,9 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sosial og flykningkontor | 19 453 | 19 803 | 19 188 | 19 152 | -651 | -3,4 % |
| Kommunale sysselsettingstiltak | 613 | 107 | 71 | 70 | -37 | -52,7 % |
| Kvalifiseringsordning | 3 344 | 4 605 | 3 350 | 3 350 | -1 255 | -37,5 % |
| Ytelse til livsopphald | 16 009 | 17 387 | 14 856 | 14 759 | -2 628 | -17,8 % |
| Stønad til eigen bustad | 53 | 4 071 | 3 750 | 3 750 | -321 | -8,6 % |
| **Sum** | **39 472** | **45 972** | **41 214** | **41 081** | **-4 892** | **-11,9 %** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet hadde eit meirforbruk i høve budsjett på nær 5 mill.kr i 2020. Ein del av dette skuldast koronapandemien då mange av innbyggjarane har hatt behov for økonomisk hjelp etter dei har vore permittert eller utan arbeid. Koronakrisa vart difor godt merkbar hjå NAV i 2020. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp gjekk opp med 2 mill.kr frå 2019 til 2020.

Utgiftene til Kvalifiseringsprogrammet var 1,2 mill.kr over budsjettet (som var høgare enn forbruket i 2019).

# Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

## Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet kultur og fritid inneheld Voss bibliotek og Kulturbanken i Granvin, kulturskule, ungdomshuset i Voss, fritidsklubb i Granvin og "Gryto", utekontakten, edruskapsvern, museum, kino og kulturhus. Det vert også arbeidd med allmennkultur, idrettssaker, kulturminnevern, administrering av tilskot til frivillige lag og foreiningar, kyrkje og tru og livssynssamfunn. Vossabadet og Voss idrettshall er del av tenesteområdet.

## Om 2020 og viktige hendingar

2020 starta godt med ei storslagen markering av det nye heradet. Heradsfesten bestod av små og store arrangement over tre dagar, med Heradssjovet til Linda Eide som høgdepunkt. Det blei halde kulturell festkveld i Trudvang i Granvin, Kulturskultapas, skulemusikkonsert, distriktsmusikarane møtte Ruth Lillegraven og Victor Normann kom for å gje oss ein kritisk ettertanke. Laurdagskvelden blei avslutta med dans i biblioteket.

Få dagar etterpå stengde Noreg. Koronastenginga har vore særs utfordrande for kulturlivet. Grensa på tal deltakarar i kulturarrangement har gjort det utfordrande å planleggja for, og gjennomføra kultur- og idrettsarrangement. Dei fleste større festivalar, konsertar og framsyningar blei fyrst forsøkt flytta, så avlyst. Det har difor vore viktig for oss å gjennomføra dei arrangementa som regelverk og økonomi har tillate. Me har til dømes hatt over 50 mindre arrangement i biblioteket, og kulturskulen har hatt mange konsertar og framsyningar, sjølv om talet på tilskodarar har vore avgrensa. Begge desse tenestene har vore viktige for innbyggjarane i koronaåret. Dette kan me særleg sjå på kulturskulen som fekk rekord mange elevar i 2020. Det blei innrapporter 456 elevplassar.

Kinoen har halde ope mesteparten av året, men me opplever stor endring i tilbod og publikumsvanar. For det fyrste hindra koronaen at dei store internasjonale storfilmproduksjonane blei gjennomført. Nedstengingane rundt om i verda gjorde også at dei store filmselskapa slepte filmane sine på strøymetenester framfor på kino. Dette har påverka publikum sine kinovanar, og me ser at etter at kinoane opna så opplever me låge publikumstal.

I fyrste fase av koronapandemien blei ungdomsklubbane stengt ned. Dette viste seg vera eit svært inngripande tiltak, og etter at landet opna igjen i mai 2020, har me forsøkt å halde ungdomstilbodet ope. Ungdomsklubbane Gryto, UFU i Granvin og ungdomshuset på Voss, har hatt rekordbesøk gjennom heile hausten og har vore viktige møteplassar for ungdommane i perioden.

Kultur og fritid har samla sett to overordna prioriteringar, det er samarbeidet med dei frivillige og arbeid for barn og unge. Mykje av drifta i kommunalområdet skjer nettopp i samarbeid med dei frivillige. Alt frå arrangement i biblioteket, kulturhuset og gamlekinoen, til drift og vedlikehald av idrettsanlegg, til samarbeid med Frivilligsentralen Nabobeino om natteramnane. Hausten 2020 blei det vedteke ny prispolitikk i kulturhuset. Dette skal gjere det lettare for dei frivillige organisasjonane å nytta seg av kulturhuset både til arrangement og møte. Voss herad har også inngått samarbeid med idretten på Voss, Noregs idrettsforbund, Norsk tipping og NRK om NM-veka vinter i 2022.

Me har eit tett samarbeid med dei større frivillige organisasjonane for å tilby gode tenester til ungdommane. Vossamfunnet er heilt avhengig av innsatsen og tenestene til dei frivillige organisasjonane for å kunne gje eit heilskapleg og fullverdig tilbod særleg til ungdom.

Me har klart å halde opp mesteparten av barne- og ungdomssatsinga i koronaåret. I tillegg til ungdomsklubbane, har me gjennomført barnefilmfestival med 1235 besøkande. Biblioteket arrangerte lesekampanjen "Sommarles" med stor suksess, 350 born i heradet deltok og las over 500.000 sider i løpet av sommaren, og i kulturskulen innført me 10 gratisplassar for barn- og ungdom som elles ville hatt vanskar med å kunne delta i kulturskulen.

Både Rusmiddelpolitisk handlingsplan og Sti- og løypeplan blei vedteke i 2020 med krav om ny gjennomgang og handsaming i 2021.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | **Rekneskap 2019** | **Rekneskap 2020** | **Budsjett 2020** | **Avvik i kr** | **Avvik i %** |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 26 777 | 23 326 | 25 574 | 2 248 | 8,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 12 918 | 7 237 | 9 416 | 2 179 | 23,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 633 | 1 363 | 922 | -441 | -47,8 % |
| Overføringsutgifter | 22 294 | 26 803 | 26 822 | 19 | 0,1 % |
| Finansutgifter | 11 968 | 3 217 | 1 671 | -1 546 | -92,5 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **75 590** | **61 946** | **64 405** | **2 459** | **3,8 %** |
| Salgsinntekter | -12 667 | -7 051 | -11 878 | -4 827 | 40,6 % |
| Refusjoner | -6 671 | -4 383 | -2 390 | 1 993 | -83,4 % |
| Overføringsinntekter | -25 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -2 538 | -2 231 | -3 255 | -1 025 | 31,5 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-21 901** | **-13 665** | **-17 523** | **-3 858** | **22,0 %** |
| **Netto resultat** | **53 689** | **48 281** | **46 882** | **-1 399** | **-3,0 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| **Teneste** | **Rekneskap 2019** | **Rekneskap 2020** | **Opph. bud. 2020** | **Rev. bud. 2020** | **Avvik i kr** | **Avvik i %** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Aktivitetstilbod - barn og unge | 3 325 | 3 037 | 3 482 | 3 363 | 326 | 9,7 % |
| Kommunal næringsverksemd | 113 | 236 | 662 | 661 | 425 | 64,3 % |
| Kulturminneforvaltning | 79 | 19 | 0 | 0 | -19 | 0,0 % |
| Bibliotek | 5 560 | 5 156 | 5 699 | 5 610 | 454 | 8,1 % |
| Kino | -41 | 1 426 | -383 | -167 | -1 593 | -952,9 % |
| Museum | 632 | 493 | 526 | 504 | 11 | 2,2 % |
| Kunsformidling | 883 | 2 004 | 1 997 | 1 990 | -14 | -0,7 % |
| Idrettaktivitetar og tilskot idrett | 1 576 | 2 292 | 2 322 | 2 297 | 6 | 0,2 % |
| Kommunale idrettsanlegg/bygg | 9 912 | 10 465 | 6 511 | 6 922 | -3 543 | -51,2 % |
| Kulturskule | 5 562 | 3 839 | 4 417 | 4 380 | 540 | 12,3 % |

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kulturaktivitetar og tilskot kultur | 7 551 | 5 164 | 6 778 | 7 020 | 1 856 | 26,4 % |
| Kommunale kulturbygg | 6 896 | 2 062 | 5 690 | 2 299 | 237 | 10,3 % |
| Kyrkja | 8 023 | 9 676 | 9 676 | 9 676 | 0 | 0,0 % |
| Tilskot tru og livssynssamfunn | 591 | 700 | 614 | 614 | -86 | -14,0 % |
| Gravplassar og krematorier | 3 027 | 1 710 | 1 713 | 1 713 | 2 | 0,1 % |
| **Sum** | **53 689** | **48 281** | **49 704** | **46 882** | **-1 399** | **-3,0 %** |

## Kommentar til status økonomi

Kommunalavdelinga hadde eit samla underskot i høve budsjett på 1,4 mill. kroner i 2020.

Det er store avvik mellom opphaveleg budsjett og rekneskap 2020 hovudsakleg på grunn av smittevernrestriksjonar knytt til Covid-19-pandemien. Kommunalområde har tilpassa drifta og både inntekter og utgifter er difor vesentleg lågare enn budsjettert.

Det var budsjettert med bruk av fond til å dekke akkumulert (gamle oppsamla) underskot i Vossabadet, men fordi Voss herad samla sett fekk eit positivt resultat, opnar ikkje rekneskapsforskrifta for bruk av fond til dette føremålet. Det vil sei at underskotet til Vossabadet på 3,5 millionar blir ført på kommunalområde for kultur og fritid i 2020. Ser eit bort frå dette, hadde kultur og fritid hatt eit samla positivt resultat på 1,3 millionar.

Kulturhus og kino skal vera tilnærma sjølvfinansierande avdelingar, og det økonomiske resultatet for desse er avgjerande for heile avdelinga. Kinobesøket gjekk i 2020 ned med 55 % samanlikna med 2019, og førte til netto inntektstap på ca 1,6 millionar. Mindre inntekter frå utleige av lokale i kulturhuset, har eit avvik på 0,4 millionar på inntektssida. Andre avdelingar har hatt vesentleg mindreforbruk i høve budsjettet i 2020, i hovudsak mindre utgifter til løn på 2,2 millionar og høge sjukelønsrefusjon på 1 million.

Teneste 381 kommunale idrettsanlegg/bygg og 386 kommunale kulturbygg har eit meirforbruk 0,6 mill i høve revidert budsjett.

Teneste 386 har eit meirforbruk med 0,6 mill som skuldast bruk av interne ressursar utover revidert budsjett i tillegg til 0,2 mill i meirinntekter frå bunde fond. Teneste 381 representerer netto meirforbruk med 0,2 mill då reduksjon i inntekter er høgare enn reduksjon i utgifter.

Avskrivingar er plassert på teneste 381 kommunale idrettsanlegg/bygg og 386 kommunale kulturbygg med meirforbruk med 5,4 mill i høve budsjett. Inkludert avskrivingar endrar då totalresultatet for tenesteområdet seg til 6 mill i netto meirforbruk. Sjå eige avsnitt om avskrivingar med forklaring av omlegging av rammer og verknader av ny kommune

## Oppsummering tiltak

Alle dei planlagde innsparingstiltaka som blei planlagt for i økonomiplanen blei gjennomført. På grunn av Covid-19 pandemien er det likevel vanskeleg å leggja resultata frå dette året til grunn for vidare effektivisering av drifta på kommunalområdet.

## Status mål

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2019 | Ønska resultat 2020 | Oppnådd resultat | Beskrivelse mål |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Attraktive Voss | Kultur-, idretts-, og foreiningsliv styrker identitet, opplevingar, bulyst, merkevare og verdiskaping. | | Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger | 0 | | 2 611 | |
| | Voss herad er ein bærekraftig kommune, der det er lett å leva miljøvenleg | | Besøk i folkebibliotek, totalt antall besøk | 0 | 70 000 | 49 425 | |
| Inkluderande Voss | Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrsel | | Elever i grunnskolealder i kulturskole, i % | 18,0 % | 19,0 % | 17,0 % | |
| | | | Årlig totalt besøk i kommunalt drevne fritidssenter per 1000 innbyggere 6-20 år | 2 500 | 4 500 | 3 312 | |
| | Vossavangen er eit samlingspunkt og ei drivkraft for opplevingar | | Utleige Gamlekinoen, dager i året | 85,0 | 85,0 | 26,0 | |
| Innovative Voss | Voss herad og næringslivet skal saman stimulerer til nyskaping, innovasjon og entreprenørskap | | Del av ebiletter av total selde billetter, i % | 30,0 % | 30,0 % | 42,0 % | |

# Plan, næring og forvalting

## Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet har ansvar for at kommunen vert utvikla i tråd med gjeldande planar og vedtak, innan offentlege og private arealplanar, byggjesak, oppmåling og næring. Eininga skal bidra til å skapa gode fysiske bumiljø, leggja til rette for næringsutvikling og ivareta kommunen sin eigenart. Vidare har eininga ansvar for å sikra bruk og vern av kommunen sine areal- og naturressursar, samt sikra samfunnet si trong for stadbunden informasjon. Landbruksforvaltning, tilskot til næring, disponering av konsesjonskraftmidlar i kraftfondet, ligg også her.

## Om 2020 og viktige hendingar

Arealdelen av kommuneplanen vart ferdigstilt og Voss herad har ein ny, godkjent kommuneplan å styra etter.

Arbeidet med ei ny organisering av næringsarbeidet i heradet starta opp, og vil bli fastsett gjennom arbeidet med ny strategisk næringsplan for Voss.

Interkommunalt samarbeidet om veterinærordning held fram med tilskot frå stat og kommunane. Voss er administrator av samarbeidet.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 17 628 | 16 005 | 18 061 | 2 056 | 11,4 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 3 680 | 2 829 | 4 749 | 1 921 | 40,4 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 3 362 | 3 249 | 2 351 | -898 | -38,2 % |
| Overføringsutgifter | 13 873 | 14 130 | 13 989 | -141 | -1,0 % |
| Finansutgifter | 2 274 | 1 615 | 1 500 | -115 | -7,7 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **40 817** | **37 827** | **40 650** | **2 823** | **6,9 %** |
| Salgsinntekter | -7 120 | -7 404 | -7 169 | 235 | -3,3 % |
| Refusjoner | -5 169 | -6 683 | -6 006 | 676 | -11,3 % |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -2 489 | -233 | -810 | -577 | 71,3 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-14 779** | **-14 319** | **-13 984** | **335** | **-2,4 %** |
| **Netto resultat** | **26 038** | **23 508** | **26 666** | **3 158** | **11,8 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Plan - sakshamsaming | 4 150 | 4 388 | 5 946 | 5 051 | 663 | 13,1 % |
| Bygge- og delesak | -865 | -837 | -522 | -550 | 287 | 52,1 % |
| Kart og oppmåling | 2 332 | 2 959 | 4 100 | 4 237 | 1 278 | 30,2 % |
| BOLIGBYGGING FYSISKE BOMILJØTILTAK | 531 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Tilrettelegging og bistad for næringslivet | 17 345 | 14 483 | 13 509 | 15 050 | 567 | 3,8 % |
| Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling | 2 545 | 2 515 | 2 890 | 2 878 | 363 | 12,6 % |
| **Sum** | **26 038** | **23 508** | **25 923** | **26 666** | **3 158** | **11,8 %** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet totalt sett kjem ut med 2,7 mill kr i netto mindreforbruk som skuldast mindreforbruk med 2 mill og meirinntekter med 0,7 mill. Hovudårsaka er mellombels vakante stillingar med 2 mill, og meirinntekter frå konsesjonskraft med 0,8 mill i høve revidert budsjett.

Avskrivingar til tenesteområdet utgjer mindreforbruk med 0,3 mill i høve budsjett, der avviket er knytt til teneste 303 og 325. Inkludert avskrivingar endrar då totalresultatet for tenesteområdet seg til 3 mill i netto mindreforbruk. Sjå eige avsnitt om avskrivingar med forklaring av omlegging av rammer og verknader av ny kommune.

Heile teneste 302 byggesak og deler av 303 oppmåling vert gjort opp som sjølvkostrekneskap. Etterkalkyle for byggesak viste underskot med kr 157.024,- som vart dekka frå sjølvkostfond. Resultat for oppmåling viste overskot, som medførte avsetjing til sjølvkostfond med kr 112.074,-.

## Status mål

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | Ønska resultat 2020 | Oppnådd resultat | Beskrivelse mål |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Attraktive Voss | Leggja til rette for god infrastruktur med god kapasitet som vegar, jernbane, kai, breiband | Gjennom ferdigstilling av både kommuneplan og sentrumsplan er dei overordna føringane for god infrastruktur sikra. I tillegg er reguleringsplan for både jernbaneverket og statens vegvesen vedtatt. Bolstad stasjon og trase for ny gang og sykkelveg i Brynagjelet, er regulert. Begge er viktige infrastrukturprosjekt. Det er og lagt til rette for | Byggesaker handsama innafor tidsfrist fastsett i Plan- og bygningslov a | 100,0 % | 100,0 % | Det er ikkje registrert saker som ikkje har vore ekspedert innan fristen. |

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | Ønska resultat 2020 | Oppnådd resultat | Beskrivelse mål |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | etablering av ny politistasjon gjennom vedtatt reguleringsplan for Brynalii 102.<br><br>Eit anna viktig middel for å kunna realisere viktige infrastrukturprosjekt, er utbyggingsavtalar. Privat og offentleg samarbeid er avgjerande for at me skal kunne halda fram med å vera, og utvikla oss vidare til bli eit ennå meir attraktivt regionsenter. Det er inngått ein viktig utbyggingsavtale med BaneNor om opparbeiding av teknisk og grøn infrastruktur rundt Voss knutepunkt. | | | | |
| Innovative Voss | Utvikla arenaer, møteplassar og nettverk for grunderar og unge entrepenørar | | Tal nyetableringar pr år i Voss herad ifølgje SSB | 160 | 177 | I følgje statistikken vart det oppretta 70 aksjeselskap og 107 enkeltmannsføretak i Voss i 2020. |

# Samferdsel

## Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale vegar, inklusiv kommunale gang- og sykkelvegar samt Bømoen flyplass.
Avdelinga har òg ansvar for flaumsikringstiltak. Eininga har ansvar for verkstad som driftar og vedlikehald kommunale bilar samt maskinpark for heile Voss herad

## Om 2020 og viktige hendingar

Det er etablert ny brøyteinstruks for Voss herad med same nivå for brøytestandard som tidlegare. Nye brøytekontraktar frå 2020 har ikkje gitt høgare brøytekostnader, då det har vore generelt mindre brøyting enn i gjennomsnittsår.

Nye retningsliner i samband med nedklassifisering av vegar er vedtekne, men ein har ikkje kome i gang med arbeidet me nedklassifisering av einskildvegar.

Drifta i 2020 har gått bra sett i forhold til utfordringer med kommunesammenslåing og korona. Det er gjennomført tiltak for å hindra smittespreiing, slik at ein unngår at alle vert sett i kantatene samstundes.

Ny rammeavtale på maskininnleige med entreprenørar er inngått.

HMS er eit prioritert område og det har ikkje vore nokon skadar på folk eller maskiner i 2020.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 4 590 | 4 425 | 5 576 | 1 151 | 20,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 29 888 | 26 414 | 24 833 | -1 581 | -6,4 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 5 | 24 | 560 | 536 | 95,8 % |
| Overføringsutgifter | 7 833 | 6 167 | 4 553 | -1 614 | -35,5 % |
| Finansutgifter | 6 932 | 7 | 0 | -7 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **49 249** | **37 037** | **35 523** | **-1 514** | **-4,3 %** |
| Salgsinntekter | -1 008 | -508 | -339 | 169 | -49,9 % |
| Refusjoner | -8 181 | -6 676 | -5 281 | 1 395 | -26,4 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-9 188** | **-7 184** | **-5 620** | **1 564** | **-27,8 %** |
| **Netto resultat** | **40 061** | **29 853** | **29 903** | **50** | **0,2 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Samferdsle | 377 | 83 | 269 | 202 | 119 | 58,8 % |
| Kommunale vegar,miljø,traikksikr,parkering | 39 683 | 29 769 | 31 444 | 29 701 | -69 | -0,2 % |
| **Sum** | **40 061** | **29 853** | **31 714** | **29 903** | **50** | **0,2 %** |

## Kommentar til status økonomi

Området omfattar teneste 330 samferdsel og transporttiltak (Bømoen flyplass) og teneste 332 kommunale vegar, og ender opp i balanse ved årsslutt i høve revidert budsjett (utanom avskrivingar). Vakante stillingar har medført mindreforbruk med 1,1 mill til løn, og midlane vart omdisponert til tenestekjøp. Det er utgiftsført 0,5 mill til brøyting/strøing utover budsjett. Ekstra skjønsmidlar frå statsforvaltaren til flaum er ført her med 0,5 mill av totalt 0,850 mill.

Avskrivingar til tenesteområdet utgjer meirforbruk med 2,8 mill i høve budsjett, der avviket er knytt til teneste 332. Sjå eige avsnitt om avskrivingar med forklaring av omlegging av rammer og verknader av ny kommune.

## Status mål

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2019 | Ønska resultat 2020 | Oppnådd resultat | Beskrivelse mål |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Innovative Voss | Voss herad skal la seg utfordra av innbyggjarar, aktørar frå næringsliv, utdannings- og forskingsinstitusjonar og andre | | Tilby og gjennomføra prosjektoppgåve for bachelor/master innan VA (tenesteområde 14) eller samferdsel (tenesteområde 11) som del av utdanning | 1 | 1 | | Det er sett igang eit PhD-prosjekt i 2020 i tilknyting til Bømoen og bruk av vassressursen til oppvarming. Dette vil pågå i minst 4 år framover. |

# Eigedom og bustad

## Beskriving av tenesteområde

Tenestområdet har ansvar for generell forvalting av kommunale eigedomar og bygg, uavhengig av om dei er i drift eller ikkje. Kommunen har også tilbod om bustad til innbyggjarar som ikkje klarer å skaffe eigen bustad sjølve, personar med låg buevne og innbyggjarar som har behov for tilpassa bustad. Den kommunale bustadmassen er jamt fordelt på fleire eigarar; Voss herad, Voss Bustadstifting, Voss eigedom AS og Granvin Bustadstifting.

Tenesteområdet har og ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale parkar, friområde, leikeplassar/nærmiljøanlegg, idrettsanlegg, badeplassar, utandørsanlegg ved skular / barnehagar / omsorgsbygg/ administrasjonsbygg, samt vintervedlikehald og drift av skuleplassar, gangvegar og andre mindre samferdsleanlegg. I Voss herad har park og idrett samarbeid med kyrkja om drift og vedlikehald av gravplassar og anlegg kring kyrkjene.

## Om 2020 og viktige hendingar

Det er oppført eit nytt felles lagerbygg på Istad for fleire tenesteområde. Dette avløyser i stor grad lagring på Brynavollen og park og idrett i Idrettshallen.

Avdelinga har arbeidd mykje med organisering av arbeidsrutinar og oppgåver for dei tilsette for å sikra effektiv drift og god internkontroll.

Arbeidet med å samla alle reinhaldarar i Voss herad i ei avdeling for å betra samhandling og profesjonalisering av reinhaldsfaget pågjekk i heile 2020, Avdelinga vart formelt oppretta 1.1.2021. Oppdraget var utfordrande å gjennomføra i 2020 då reinhaldarane var sentrale i kampen mot smittespreiing på alle kommunale bygg.

Planlegging av oppgraderinga av Vangen skule og nytt bygg på Ungdomsskulen på Vangen har vore ei viktig oppgåve i 2020.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 28 341 | 29 562 | 31 376 | 1 814 | 5,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 11 141 | 17 850 | 20 608 | 2 758 | 13,4 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 454 | 1 013 | 245 | -768 | -313,6 % |
| Overføringsutgifter | 1 804 | 1 717 | 2 534 | 817 | 32,2 % |
| Finansutgifter | 5 119 | 2 | 0 | -2 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **46 858** | **50 144** | **54 763** | **4 619** | **8,4 %** |
| Salgsinntekter | -27 077 | -35 304 | -34 389 | 915 | -2,7 % |
| Refusjoner | -3 391 | -3 902 | -4 101 | -199 | 4,9 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -30 | -228 | 0 | 228 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-30 498** | **-39 434** | **-38 490** | **944** | **-2,5 %** |
| **Netto resultat** | **16 360** | **10 710** | **16 273** | **5 563** | **34,2 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eigedomsforvaltning | 4 527 | 7 951 | 8 756 | 8 118 | 167 | 2,1 % |
| Interne serviceeiningar | 0 | -2 194 | 774 | -1 129 | 1 065 | 94,3 % |
| Kommunalt disponerte bustader | 7 438 | 1 323 | 6 052 | 5 011 | 3 687 | 73,6 % |
| Parkar og plassar | 4 396 | 3 629 | 5 975 | 4 273 | 643 | 15,1 % |
| **Sum** | **16 360** | **10 710** | **21 557** | **16 273** | **5 563** | **34,2 %** |

## Kommentar til status økonomi

For avdelingane representerer tenesteområdet eit netto mindreforbruk med 4,5 mill.

Teneste 265 (kommunalt disponerte bustader) utgjer hovuddelen av mindreforbruket med 3,6 mill i høve revidert budsjett. Hovudårsaka er lågare aktivitetsnivå med innsparing gjennom vakante stillingar til vedlikehald. Koronapandemien har dessutan medført utsetjing av vedlikehald og andre driftstiltak. I samband med årsslutt vart det også klart at straumprisane har vore vesentleg lågare enn tidlegare, slik at mindreforbruk av energi utgjorde 0,7 mill i høve revidert budsjett. I tillegg har det vore arbeidd godt med utleige av bustader, slik at rekneskap overstig budsjetterte husleigeinntekter med 0,9 mill.

I tillegg utgjer teneste 335 (parkar og plassar) samla kr 0,6 mill i mindreforbruk løn og meirinntekter frå ubunde fond.

Avskrivingar er plassert på teneste 265, 121 og 190 med meirforbruk med 4,5 mill i høve budsjett. Inkludert avskrivingar endar då totalresultatet for tenesteområdet opp i netto balanse.

## Status mål

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2019 | Ønska resultat 2020 | Oppnådd resultat | Beskrivelse mål |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Attraktive Voss | Stimulerer til bygging av alternative bustader tilpassa ulike livsfasar | | Nyetablering av alternative bustader | 12 | 12 | 0 | Me har ikkje ferdigstilt nye byggjeprosjekt i 2020, men nytt bustadbygg på Vetleflaten er under bygging. Her vert det bygt bustader tilrettelagt for fleire grupper innan menneske med nedsett funksjonsevne. Bygget er planlagt ferdigstilt i april 2021. |
| Innovative Voss | Tilby ei stor breidde av læreplassar i Voss herad | | Engasjera lærlingar innanfor tekniske fag | 0 | 1 | 0 | Me fekk ikkje teke inn lærlingar i 2020, men intensjonen var å få til minst 1 lærling.. |

# Brann og ulukkesvern

## Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet inneheld arbeid og tiltak for å førebygge brannar og andre ulukker. Hovudaktiviteten er feiing av piper og tilsyn. I tillegg kjem tilsyn av særskilte brannobjekt. Dei tilsette arbeider også med kurs og opplæring for å tryggja innbyggjarane.

Tenesteområdet omfattar også drift av brannvesenet i kommunen, her under oljevernberedskap og annan beredskap mot brann- og eksplosjonsarta ulukker. Hovudbrannstasjonen på Voss har 4-delt vaktordning med 6 personar i kvart vaktlag. I tillegg er det 3 bistasjonar stasjonert på Evanger, Vossestrand og i Granvin med frivillig personal knytt opp mot stasjonane.

## Om 2020 og viktige hendingar

Det er inngått avtale med Ulvik herad og Eidfjord kommune om kjøp av brannsjeftenester ifrå Voss herad frå og med 2020.

Ny bistasjon for brann vert bygd på Vinje i nært samarbeid med Røde Kors. Stasjonen vert ferdig sommar 2021.

Det er investert i to ny brannbilar, éin på Vinje og éin på Evanger.

Brann og redning er samfunnskritiske tenester og det er gjort godt arbeid for å sikra at tenesta er operativ til ei kvar tid i trass mogleg utbrot av Covid 19.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 14 472 | 13 309 | 14 340 | 1 031 | 7,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 3 817 | 3 980 | 3 890 | -90 | -2,3 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 914 | 977 | 1 108 | 131 | 11,8 % |
| Overføringsutgifter | 530 | 550 | 522 | -28 | -5,4 % |
| Finansutgifter | 676 | 4 | 0 | -4 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **20 409** | **18 820** | **19 860** | **1 040** | **5,2 %** |
| Salgsinntekter | -5 226 | -5 996 | -5 859 | 137 | -2,3 % |
| Refusjoner | -1 319 | -789 | -801 | -12 | 1,5 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -455 | -440 | -91 | 348 | -380,8 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-7 000** | **-7 225** | **-6 751** | **474** | **-7,0 %** |
| **Netto resultat** | **13 409** | **11 594** | **13 108** | **1 514** | **11,6 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Førebygging brann og ulukker | 985 | 535 | 1 608 | 1 145 | 610 | 53,3 % |
| Beredskap brann og ulukker | 12 424 | 11 059 | 11 810 | 11 963 | 904 | 7,6 % |
| **Sum** | **13 409** | **11 594** | **13 418** | **13 108** | **1 514** | **11,6 %** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet hadde eit samla mindreforbruk med 1,5 mill i høve revidert budsjett (utanom avskrivingar). Hovudårsaka er mindreforbruk løn med 0,6 mill i pensjon, 0,3 mill i variabel løn og 0,2 mill i arbeidsgjevaravgift. På inntektssida er det i tillegg meirinntekter utover budsjett med 0,1 mill i feiegebyr og 0,35 mill i bruk bunde fond.

Avskrivingar til tenesteområdet utgjer meirforbruk med 0,6 mill i høve budsjett. Inkludert avskrivingar endar då totalresultatet for tenesteområdet seg til 0,9 mill i netto mindreforbruk. Sjå eige avsnitt om avskrivingar med forklaring av omlegging av rammer og verknader av ny kommune.

Gebyrbelagt del av teneste 338 (førebygging og feiing) vert gjort opp som sjølvkostrekneskap, og etterkalkyle viste underskot med kr 486 755 kr. Då det berre stod kr 437 110 kr på sjølvkostfondet, vert resten vidareført som underskot til inndekking i seinare år.

## Status mål

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2019 | Ønska resultat 2020 | Oppnådd resultat | Beskrivelse mål |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Innovative Voss | Tilsette og leiarar skal ha kompetanse og mynde til å gjennomføra kontinuerleg forbetringsarbeid | Fysisk test av røykdykkarar gjennomført.<br>Nokre færre øvingar enn planlagt på alle stasjonar pga. Covid 19, etter råd frå FHI/Voss herad.<br><br>2 nye brannbilar er kjøpt inn, ein til Evanger og ein til Vossestrand<br><br>Det var ved utgangen av året registrert totalt 137 § 13 objekt. Desse fordeler seg på 115 A objekt, 15 B objekt og 7 C objekt. Desse skal etter ny forskrift om brannførebygging ha ein tilsynsfrekvens etter risiko. Det er gjennomført tilsaman 108 | Tryggast mogeleg arbeidsmiljø for brannmannskap og feiarar, der tilsette ikkje får skadar i arbeidssituasjon. Tal innmeldte yrkesskadar | 0 | 0 | 1 | Ein tilsett vart lettare skadd i samband med øving. |

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2019 | Ønska resultat 2020 | Oppnådd resultat | Beskrivelse mål |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | ulike tilsyn med eigarar og brukarar i A, B og C objekt.<br><br>Det vart varsla tilsyn i omlag 1412 fyringsanlegg og varsla feiing i 3197 skorsteinar i 2020. Fyringsanlegg i bustader og hytter skal ha feiing og tilsyn etter behov.<br><br>Om lag 350 personar har motteke div. brannvernopplæring/informasjon i regi av Voss brannvern, t.d. sløkkjeøvingar og kurs hjå verksemder. Talet er diverre noko lågare enn i eit normalår, noko som skuldast restriksjonar i høve Covid 19. I tillegg har me delteke i mange digitale informasjonskampanjar som t.d. aksjon hyttebrann, brannvernveka og aksjon bustadbrann m.v. | | | | | |

# Vatn, avlaup og renovasjon

## Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og investering i kommunale vatn- og avlaupsanlegg (VA-anlegg).

Renovasjon er delegert til det interkommunale selskapet Indre Hordaland Miljøverk (IHM IKS).

## Om 2020 og viktige hendingar

Det er vedteke nye gebyrreglement for Voss herad både innan vatn, avløp og septiktøming.

Voss herad har avklart si rolle i utbygging av vatn- og avløpsanlegg i Myrkdalen gjennom å vedta hovudplan VA for Myrkdalen.

Arbeidet med nytt vassverk på Bømoen held fram.

Drift innan vatn og avløp har gått veldig bra, trass i utfordringar med Korona og kommunesamanslåing. Mannskap innan VA blir rekna som kritisk personell.

Det er utført stort arbeid med kartlegging av VA infrastruktur i Granvin for å få Granvin inn i felles datastyring og kartsystem (Gemeni)

I 2020 er det utført mange reparasjonar/sanering av gammalt leidningsnett. Heradet har ein stabil produksjon. Tal abonnentar og forbruk aukar.

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 13 917 | 12 951 | 14 655 | 1 704 | 11,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 22 847 | 24 679 | 22 788 | -1 891 | -8,3 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 3 495 | 4 961 | 4 418 | -543 | -12,3 % |
| Overføringsutgifter | 75 | 103 | 0 | -103 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 9 436 | 2 | 1 377 | 1 375 | 99,8 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **49 771** | **42 696** | **43 238** | **542** | **1,3 %** |
| Salgsinntekter | -51 109 | -51 324 | -51 643 | -319 | 0,6 % |
| Refusjoner | -167 | -837 | -748 | 89 | -11,9 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -4 287 | -3 690 | -3 639 | 51 | -1,4 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-55 563** | **-55 851** | **-56 030** | **-179** | **0,3 %** |
| **Netto resultat** | **-5 792** | **-13 155** | **-12 793** | **363** | **-2,8 %** |

## Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Produksjon av vatn | 5 354 | 5 410 | 3 261 | 5 737 | 327 | 5,7 % |
| Distribusjon av vatn | -7 571 | -11 035 | -5 931 | -11 912 | -877 | -7,4 % |
| Avlaupsrensing | 13 105 | 9 997 | 13 787 | 10 349 | 352 | 3,4 % |
| Avlaupsnett | -16 209 | -17 819 | -14 428 | -16 458 | 1 361 | 8,3 % |
| Tøming av septiktank | -478 | 292 | -502 | -509 | -801 | -157,4 % |
| Innsamling av hushalsningsavfall | 7 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum** | **-5 792** | **-13 155** | **-3 813** | **-12 793** | **363** | **2,8 %** |

## Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet omfattar 3 ulike sjølvkostområde; vatn (teneste 340 og 345), avløp (teneste 350 og 353) og slam/septik (teneste 354), og ender totalt sett opp med eit netto mindreforbruk på 0,4 mill i høve revidert budsjett. Samla for tenesteområdet har det vore mindreforbruk til vakante stillingar med 1,7 mill og rimelegare straum med 1 mill. I tillegg er det mindreinntekter frå gebyr med 0,2 mill i høve budsjett. Desse midlane vart omdisponert til auka vedlikehald med 2,9 mill.

Avskrivingar til tenesteområdet utgjer meirforbruk med 0,4 mill i høve budsjett, der avviket er jamt fordelt mellom vatn (teneste 340 og 345) og avløp (teneste 350 og 353). Inkludert avskrivingar endar då totalresultatet for tenesteområdet opp i netto balanse. Sjå eige avsnitt om avskrivingar med forklaring av omlegging av rammer og verknader av ny kommune.

Sjølvkost etterkalkyle viste underskot for alle dei 3 områda. For vatn og avløp vart dette dekka inn frå dei ulike sjølvkostfonda med 3 603 115 kr og 87 220 kr

Sjølvkostområde slam/septik hadde frå tidlegare år underskot, slik at underskot til inndekning i seinare år aukar med årets negative resultat med 471 934 kr til 989 979, kr. Forventa aktivitet og budsjett (forkalkyle sjølvkost) tok utgangspunkt i at nytt gebyrregulativ skulle vera gjeldande frå 01.01.2020. Diverre vart Forskrift om tømming av avløpsanlegg fyrst vedteke i HST 18.06.2020 (sak 64/20), og fekk dermed verknad for berre 1/3 av året. Dette var ei medverkande årsak til at sjølvkostområdet fekk så stort underskot i 2020.

## Status mål

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2019 | Ønska resultat 2020 | Oppnådd resultat | Beskrivelse mål |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Innovative Voss | Tilsette og leiarar skal ha kompetanse og mynde til å gjennomføra kontinuerleg forbetringsarbeid | | Gjennom aktivt lekkasjesøk redusera mengde produsert vatn pr døgn (i m3) | 3 800,0 | 3 700,0 | | |
| | | | Utskifting/rehabilitering av kommunalt VA-ledningsnett | 0,0 % | 0,8 % | | |
| | Voss herad skal la seg utfordra av innbyggjarar, aktørar frå næringsliv, utdannings- og forskningsinstitusjonar og andre | | Tilby og gjennomføra prosjektoppgåve for bachelor/master innan VA (tenesteområde 14) eller samferdsel (tenesteområde 11) som del av utdanning | 1 | 1 | 1 | Det er påbyrja ein PhD oppgåva i Bømoen innan VA. Denne vil gå i minimum 4 år framover. |

# Politisk styring

## Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar politisk organisasjon og systema som vert nytta i den politiske styringa av Voss herad. Den politiske organiseringa er vist i figuren under.

Tenesteområdet har ansvar for å legga til rette for og avvikla politiske møter, arbeidsvilkår for folkevalde, utlegging av politiske saker og kontakt mellom dei folkevalde og administrasjonen. Ansvaret for førebuing til og avvikling av stortingsval og kommunestyre- og fylkestingsval ligg også her.




## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 5 083 | 3 900 | 3 768 | -132 | -3,5 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 953 | 1 291 | 1 342 | 51 | 3,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 827 | 1 461 | 1 619 | 158 | 9,8 % |
| Overføringsutgifter | 518 | 379 | 949 | 570 | 60,1 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **9 380** | **7 030** | **7 678** | **647** | **8,4 %** |
| Salgsinntekter | -284 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Refusjoner | -290 | -174 | -90 | 84 | -93,7 % |
| Overføringsinntekter | 1 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-573** | **-174** | **-90** | **84** | **-93,7 %** |
| **Netto resultat** | **8 808** | **6 856** | **7 588** | **732** | **9,6 %** |

### Status økonomi per teneste

*Beløp i 1000*

| Teneste | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Opph. bud. 2020 | Rev. bud. 2020 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Politisk styring | 7 294 | 5 480 | 5 879 | 5 862 | 382 | 6,5 % |
| Kontroll og revisjon | 1 513 | 1 376 | 1 726 | 1 726 | 350 | 20,3 % |
| **Sum** | **8 808** | **6 856** | **7 605** | **7 588** | **732** | **9,6 %** |

### Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet hadde eit mindreforbruk på nær 700 000 kr som omfattar mindre overføringar til andre og mindre bruk av reserver.

# 9. Kommunale føretak

Voss herad har to kommunale føretak. Årsrekneskap og årsmelding frå desse vert lagt fram i eigne saker. Økonomisk rapport er skildra frå dei to kommunale føretaka her:

**Vossabadet KF**

Resultatet for 2020 vart eit positivt netto driftsresultat på **3.621.120 kr**

- Overføring frå Voss herad er på totalt 7.482.353 kr (fordelt på 3.1 mill i driftstilskot, 357.000 kr i refusjon lønn til dei som var omplassert under nedstenginga i vår, 500.000 kr i koronakompensasjonsmidlar og 3.525.353 kr til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk)

- Billettsalet (avg.fritt) er på 4.869.264 kr ( ein nedgang på om lag ein mill. mot 2019)
- Drifta av utebassenget gav 513.290 kr i billettinntekter og 222.694 kr (ink.mva) i kioskinntekter
- Kostnad til fjernvarme er på 506.046 kr (budsjett: 750.000)
- Kostnad til straum er på 431.267 kr(budsjett: 600.000)
- Kostnader til kommunale avgifter, gebyr og lisensar er på 682.723 kr
- Kostnader til vedlikehald bygg/teknisk utstyr er på 328.918 kr
- Kostnader knytt til reinhald og kjemikalier er på 557.599 kr

Mykje av driftskostnadane er faste kostnader som gjesten ikkje ser. Drifta av det tekniske anlegget er komplisert og krev stor kompetanse. Anlegget stoppar heller ikkje opp når badet er stengt. Ventilasjon, dosering av kjemikaliar og anna teknisk utstyr treng kontinuerlig overvaking. For å halda rett temperatur, vasskvalitet og luftfuktigheit, går anlegget 24/7. Drifta av eit offentleg symjeanlegg stiller også strenge krav til reinhald. Ein stor del av arbeidstida på dagtid er knytt til periodiske reinhaldsoppgåver, og på kveldstid er det ein omfattande vask av garderobeanlegget som krev mange arbeidstimar.

Vossabadet har pr. 31.12.2020 ikkje noko vedlikehaldsfond. Ein tommelfingerregel for eit symjeanlegg, er at ein årleg bør setja av 2-3% av den totale byggekostnaden til framtidig vedlikehald. Eit slikt fond vil vera naudsynt for å kunne handtera dei framtidige vedlikehaldsoppgåvene som vil koma.

**Voss idrettshall KF**

Resultatet for 2020  vart eit rekneskapsmessig overskot på 464 690 kr. Totale leigeinntekter kom opp i 1 699 658 kr.

Av postar på utgiftssida kan me nemne fylgjande:

- Leigekostnader av hallen: 1 474 824 kr (Avtale med Voss herad)
- Bruk av energi: 320 542 kr
- Kjøp av tenester eigen kommune: 1 171 403 kr (Lønnskostnader, rekneskapshonorar og revisjon.

Voss herad har for 2020 og tildelt føretaket kr 400 000 kr som korona kompensasjonsmidlar for å dekka tapte inntekter. Dette gjer at føretaket vil levere betre resultat enn venta for 2020.

# 10. Vedlegg

## Koronapandemien, økonomiske effektar 2020

Økonomiske effektar av koronapandemien 2020

Koronapandemien har ført til økonomiske konsekvensar for kommunen på mange område i 2020. Kommunen har hatt direkte meirutgifter med handteringa av pandemien og nye tenestetilbod, direkte inntektstap på grunn av redusert aktivitet i kommunale tilbod, og indirekte kostnader ved at samfunnet er hardt råka av smitteverntiltak. Kommunen har fått tilskot frå staten utbetalt via rammetilskotet, og skjønstilskot frå Statsforvaltaren. Dette skulle dekka meirutgifter og tapte inntekter for kommunen som følgje av koronapandemien. Kommunen har justert budsjettet i samsvar med dette, og fordelt midlane ut på dei områda med kjende meirutgifter eller tapte inntekter, eller dei med stort sannsyn for dette. Fordelinga av midlane er skildra på overordna nivå i tertialrapportar. Samla sett ser det ut som tilskot og økonomisk lette, dekker faktiske meirutgifter og tapte inntekter som Voss herad har hatt i 2020.

Under følgjer ei oppstilling av økonomisk lette kommunen har fått for å dekke den auka belastinga.

### 1. Økonomisk lette (tilskot og direkte utgiftslette)

| | **Inntekter og reduserte utgifter** |
|---|---|
| Tilskot for å dekka tap av inntekt i SFO og barnehage | 2 906 000 |
| Auka rammetilskot generelt | 11 807 000 |
| Auka rammetilskot smittekontroll | 333 000 |
| Auka rammetilskot (sårbare barn, arb.ledighet, basisfinansiering allmennlegeteneste) | 2 179 000 |
| Auka skjønstilskot, april | 520 000 |
| Auka skjønstilskot, smittevern, okt | 1 480 000 |
| Auka skjønstilskot,meirutgifter, okt | 490 000 |
| Auka skjønstilskot, TISK, nov | 1 500 000 |
| Auka skjønstilskot, des | 2 700 000 |
| **Sum ekstra løyvingar, rammetilskot og skjønstilskot** | **23 915 000** |
| | |
| Tilskot rehabilitering og vedlikehald | 7 600 000 |
| Tilskot til næringsstøtte frå Vestland fylkeskommune (forvalta av Kraftfondet) | 2 527 589 |

| | |
|---|---|
| Sum alle tilskot | 34 042 589 |
| Redusert arbeidsgjevaravgift (4% reduksjon i mai og juni) | 6 391 214 |
| **Sum direkte tilskot og økonomisk lette** | **40 433 803** |

Voss herad har fått tilskot på litt over 40 mill.kr i 2020 som skulle dekka meirutgifter, tapte inntekter og stimulering av arbeidsmarknaden.

I tillegg var lønsoppgjeret i 2020 svært lågt. Etter 15. september er anslaget på årslønsvekst 2019-2020 på 1,7%. Sidan lønsjustering skjer i løpet av året har me med oss eit såkalla overheng frå i fjor, som utgjer omtrent 1,6 % i 2020. Lønsvekst i tariffoppgjeret for 2020 vart difor lågt, med ca. 0,1%. Denne lønsveksten vert budsjettert i ein lønsreservepost. Det vart budsjettert med ein lønsreserve på ca 20 mill.kr. Denne vart nedjustert til ca 2,5 mill.kr, først i 1.tertialrapport og 2.tertialrapport. i 1.tertial vart den justert ned med 7 mill.kr. Dette vart fordelt til å auka budsjettet for brukarstyrt personleg assistanse (BPA) med 5,7 mill.kr og meirutgifter med korona. Lønsreserven vart sett ned til 2,5 mill.kr i 2.tertial, og midlane vart fordelt til område som hadde hatt meirutgifter med korona - omsorg (5,4 mill.kr), helse (2 mill.kr) og barnehage (0,8 mill.kr). Det vart i tillegg justert ned flyktningtilskot med 1,76 mill.kr og auka budsjettet til barnevern med 0,5 mill.kr.

**Meirutgifter med koronapandemien**

Det meste av meirutgifter oppstår innan helse, omsorgs- og sosialtenestene. I starten av pandemien har det vore knytt til oppstart av nye tenestetilbod, testsenter, vikarhandtering på grunn av karantene og innkjøp av utstyr og medikament. Deretter har kommunen hatt meirutgifter til ekstra personell til nye tenestetilbod, smittevern, utstyr, vikarhandtering ved fråvær, sosial stønad og generelt til gjennomføring av TISK-strategien (testing, isolering, smittesporing og karantene).

Sjølv om det er brukt betydelege midlar til handtering av pandemien, er vurderinga at kommunen handtert dei nye oppgåvene på ein effektiv måte. Kommunen har omdisponert mykje personell mellom avdelingar for å unngå unødige meirutgifter. Omdisponert personell er ikkje rapportert som ei meirutgift, då kommunen ville hatt lønsutgifter for dei uansett.

## Inntektstap

Kommunen har hatt reduserte inntekter innan fleire område då tenester ikkje vert utøvd eller tilbod har vore stengd. Dette gjeld spesielt barnehage og SFO då dette var stengd mars 2020, tenester innan helse og omsorg som ikkje har vore mogleg å oppretthalde på grunn av smittevern, og innan kultur og idrett på grunn av nasjonale føringar om smittevern. Kommunen har ikkje permittert nokon på grunn av reduserte tilbod, men har omdisponert heilt eller delvis i periodar.

Kommunen fekk tilskot på 2,9 mill.kr for å dekke inntektstapet når skulane og barnehagane hadde stengd i mars 2020.

## Indirekte kostnader

Kommunen budsjetterte med inntekt frå skatt og formue på nær 440 mill.kr i 2020. Denne skatten kjem i hovudsak frå privatpersonar. Mange av innbyggjarane vart og er hardt råka økonomisk, ved at dei er blitt arbeidsledige eller har fått redusert løn som følgje av redusert omsetnad i firma eller dei er permittert. Voss herad reduserte difor skattebudsjettet med 10,9 mill.kr i 1.tertialrapport, til ca. 440,2 mill.kr (inkl. naturressursskatt). Faktiske nivået vart nær 444 mill.kr, altså 3,7 mill.kr over budsjett. Inntektsutjamninga vart på 25,8 mill.kr, og 1,8 mill.kr under budsjett. Samla sett var skatt på inntekt og formue og inntektsutjamninga 1,9 mill.kr høgre enn budsjettet. Dette ligg 7,1 mill.kr lågare enn 2019 nivået, men likevel kunne det ha vore verre.

## Budsjettendringar

Tilskot og økonomisk lette har i stor grad blitt fordelt til dei område som har registrert meirutgifter med prosjektkode og rapportert om tapte inntekter. Ei feilkjelde i fordeling av midlar er at meirutgifter ikkje er ført med prosjektkode. Det er no blitt kjend at dette manglar prosjektkode på ein del sosial stønad og vikarutgifter innan skule. Det har likevel vore forsøkt å fordela midlane dit den økonomiske belastinga har vore størst.

Følgjande midlar er fordelt til koronarelaterte utgifter eller tapte inntekter frå den økonomiske letta:

| | Budsjettendring |
|---|---|
| Reduserte skatteinntekter | 10 900 000 |
| Fordelt til tenesteavdelingar(drift) | 22 958 000 |
| Rest koronapott | 3 112 000 |
| Tiltak næringsliv | 2 527 589 |
| Tiltak rehab og vedlikehald (noko overført til 2021) | 7 600 000 |
| | **47 097 589** |

Dei 22,96 mill.kr som er fordelt til avdelingane er fordelt på desse tenesteområda:

| Fordelt til tenesteområda | Teneste | Fordelt til avdelingar |
|---|---|---|
| Adm og leiing (informasjonsarbeid) | 120 | 200 |
| Adm og leiing (beredskap) | 180 | 100 |
| Barnehage (tapte inntekter og tilskot private barnehagar) | 201 | 3 824 |
| Grunnskule | 202 | - |
| Grunnskule (tapte inntekter SFO) | 215 | 732 |
| Helse | 241 | 4 180 |
| Omsorg (pleie i institusjon) | 253 | 8 615 |
| Omsorg (heimeteneste) | 254 | 3 200 |
| Omsorg (institusjonsbygg) | 261 | 250 |
| Kultur og fritid | 373 | 500 |
| Kultur og fritid (Vossabadet og Voss idrettshall) | 381 | 1 357 |
| **Sum** | | **22 958** |

## Faktiske meirutgifter

| | Meirutgifter | Tapte inntekter | Sum | Kommentar |
|---|---|---|---|---|
| Omsorg | 11 512 618 | | 11 512 618 | Meirutgifter på 12,2 mill.kr, derav 9,3 til institusjon og 2,7 til heimeteneste og resten administrasjon. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Helse | 3 405 542 | | 3 405 542 | Meirutgifter på 4,5 mill.kr (bl.a testsenter, luftvegspoliklinikk og legetenester) |
| Sosiale tenester | 2 000 000 | | 2 000 000 | Meirutgifter til sosial stønad, estimert ut frå 2019 nivå |
| Barnehage | 1 664 493 | 1 890 000 | 3 554 493 | Av dette ugtgjer 80% ekstrabevilling til private barnehager knytt til tapte brukarbetalingar. Dette var ein nasjonal ordninga, der private barnehagar fekk dekka tapet 100%. Kommunale barnehagar og SFO vart ikkje 100% dekka. |
| Skule | 699 402 | 1 050 000 | 1 749 402 | Det vart ikkje oppretta prosjektkode i minTimeplan (vikarhandetringsprogram) før i november. I november var utgiftene om lag 85 000,-, og 140 000,- i desember. Totaltsett har ikkje vikarutgiftene for tidlegare månader vore unormalt store. |
| Barne- og familietenester | 123 105 | | 123 105 | Halvparten er knytt til vikarutgifter i EM-tiltaket. |
| Integrering og vaksenopplæring | 7 957 | | 7 957 | Utgifter knytt til materiell. |
| Kultur og fritid | | 2 400 000 | 2 400 000 | Tapte inntekter - kino 1,8 mill (kinobillettar, reklameinntekter og inntekter frå kiosksal), utleige av lokale – 0,5 mill og kurs og konferanse 0,2 (servering). Motteke ca 164 000 i stimuleringsmidlar |
| Teknisk | 762 876 | | 762 876 | Lokale til helsetenester, reinhald og utstyr |
| Adm og leiing | 715 351 | | 715 351 | Informasjonsarbeid, beredskap og administrasjon |
| Finans | | 9 000 000 | | Tapte skatteinntekter, estimert frå oppr.budsjett |
| Kommunale føretak | | | | Omtala i eigne årsmeldingar |
| | **20 891 344** | **14 340 000** | **35 231 344** | |

Omdisponerte tilsette er ikkje medrekna som ei meirutgift

I tillegg er det øyremerka tilskotet til næringsstøtte på ca. 2,5 mill.kr utbetalt i sin heilskap til verksemder på Voss. Kraftfondet gjorde vedtak om kven som skulle få støtte og kor mykje etter ein søknadsprosess.

Det øyremerka tilskotet til vedlikehald og rehabilitering på 7,6 mill.kr er fordelt med 5,35 mill.kr i investering og 2,25 mill.kr i drift. Noko av midlane er sett av til fond og skal brukast i 2021. Midlane vil nyttast til føremålet.

**Konklusjon**

Den økonomiske støtta frå staten har vore svært viktig for å dekka meirutgifter og tapte inntekter som Voss herad har hatt med koronapandemien. Løyvingane og det låge lønsoppgjeret dekker dei meirutgiftene og tapte inntektene kommunen har hatt med koronapandemien i 2020.

## Forskriftsskjema konsolidert rekneskap 2020

Den konsoliderte årsrekneskapen etter kommunelova § 14-6 fyrste ledd d, skal visa kommunen som éi økonomisk eining. Dette vert utarbeida ved å slå saman årsrekneskapane til dei einingane som skal inngå. Det vart gjort elimineringar på dei linjene der dette var aktuelt.
For Voss omfattar dette rekneskapen for Voss herad, Vossabadet KF og Voss Idrettshall KF. I tillegg vart oversendte rekneskap for Indre hordaland revisjonsdistrikt (IHR) (omarbeida) nytta. IHR er inkludert då dette er eit interkommunal selskap med Voss som kontorkommune. Konsolidert rekneskap er sett opp etter obligatoriske økonomiske oversikter etter § 5-5, § 5-6 og § 5-8 i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap m.m.

| **Økonomiske oversikter** | |
|---|---|
| | **Rekneskap 2020** |
| **Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap) §5-5 1. ledd** | |
| 1 Investeringer i varige driftsmidler | 110 756 303 |
| 2 Tilskudd til andres investeringer | 3 000 000 |
| 3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 22 379 533 |
| 4 Utlån av egne midler | 1 850 000 |
| 5 Avdrag på lån | 397 861 |
| **6 Sum investeringsutgifter** | **138 383 697** |
| 7 Kompensasjon for merverdiavgift | 17 055 630 |
| 8 Tilskudd fra andre | 4 768 653 |
| 9 Salg av varige driftsmidler | 25 732 990 |
| 10 Salg av finansielle anleggsmidler | - |
| 11 Utdeling fra selskaper | - |

| | | |
|---|---|---|
| 12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler | | - |
| 13 Bruk av lån | | 90 579 103 |
| **14 Sum investeringsinntekter** | | **138 136 376** |
| 15 Vidareutlån | | 41 806 032 |
| 16 Bruk av lån til videreutlån | | 41 806 032 |
| 17 Avdrag på lån til videreutlån | | 11 600 678 |
| 18 Mottatte avdrag på videreutlån | | 17 580 642 |
| **19 Netto utgifter videreutlån** | **-** | **5 979 964** |
| 20 Overføring fra drift | | 8 702 273 |
| 21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond | - | 8 994 185 |
| 22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond | - | 5 745 717 |
| 23 Dekning av tidligere års udekket beløp | | - |
| **24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger** | **-** | **6 037 629** |
| **25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)** | | **-** |

| **Økonomisk oversikt - drift §5-6** | **Regnskap** |
|---|---|
| **Driftsinntekter** | |
| 1 Rammetilskudd | 555 733 107 |
| 2 Inntekts- og formuesskatt | 431 925 007 |
| 3 Eiendomsskatt | 65 172 330 |
| 4 Andre skatteinntekter | 18 851 744 |
| 5 Andre overføringer og tilskudd fra staten | 54 371 717 |
| 6 Overføringer og tilskudd fra andre | 202 850 442 |
| 7 Brukerbetalinger | 55 012 772 |
| 8 Salgs- og leieinntekter | 147 558 964 |
| **9 Sum driftsinntekter** | **1 531 476 082** |
| **Driftsutgifter** | |
| 10 Lønnsutgifter | 780 380 450 |
| 11 Sosiale utgifter | 195 091 678 |

| | | |
|---|---|---|
| 12 Kjøp av varer og tjenester | | 368 879 613 |
| 13 Overføringer og tilskudd til andre | | 103 812 081 |
| 14 Avskrivninger | | 67 027 623 |
| **15 Sum driftsutgifter** | | **1 515 191 445** |
| **16 Brutto driftsresultat** | | **16 284 636** |
| **Finansinntekter** | | |
| 17 Renteinntekter | | 15 367 140 |
| 18 Utbytter | | 10 223 362 |
| 19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | | - |
| 20 Renteutgifter | | 23 346 732 |
| 21 Avdrag på lån | | 53 312 625 |
| **22 Netto finansutgifter** | **-** | **51 068 855** |
| 23 Motpost avskrivninger | | 67 027 623 |
| **24 Netto driftsresultat** | | **32 243 404** |
| **Disp. eller dekning av netto driftsresultat:** | | |
| 25 Overføring til investering | - | 9 007 259 |
| 26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond | - | 26 915 615 |
| 27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond | | 3 349 171 |
| 28 Bruk av tidligere års mindreforbruk | | 3 901 462 |
| 28 Dekning av tidligere års merforbruk | - | 3 571 164 |
| **29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat** | **-** | **32 243 404** |
| **30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)** | | |

| **Oversikt - balanse §5-8** | **Regnskap 2020** |
|---|---|
| **EIENDELER** | |
| **A. Anleggsmidler** | **3 982 720 404** |
| I. Varige driftsmidler | 1 770 500 645 |
| 1. Faste eiendommer og anlegg | 1 647 092 741 |
| 2. Utstyr, maskiner og transportmidler | 123 407 904 |

| | |
|---|---|
| II. Finansielle anleggsmidler | 579 484 337 |
| 1. Aksjer og andeler | 207 380 696 |
| 2. Obligasjoner | - |
| 3. Utlån | 372 103 641 |
| | |
| III. Immaterielle eiendeler | |
| IV. Pensjonsmidler | 1 632 735 422 |
| | |
| **B. Omløpsmidler** | **525 103 707** |
| I. Bankinnskudd og kontanter | 440 844 956 |
| | |
| II. Finansielle omløpsmidler | |
| 1. Aksjer og andeler | - |
| 2. Obligasjoner | - |
| 3. Sertifikater | - |
| 4. Derivater | - |
| | |
| III. Kortsiktige fordringer | 84 258 751 |
| 1. Kundefordringer | 74 672 016 |
| 2. Andre kortsiktige fordringer | 135 951 |
| 3. Premieavvik | 9 450 784 |
| **Sum eiendeler** | **4 507 824 111** |
| | |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | |
| **C. Egenkapital** | **1 277 200 091** |
| I. Egenkapital drift | 163 376 107 |
| 1. Disposisjonsfond | 63 945 223 |
| 2. Bundne driftsfond | 99 430 885 |
| 3. Merforbruk i driftsregnskapet | - |
| 4. Mindreforbruk i driftsregnskapet | - |
| | |
| II. Egenkapital investering | 73 921 923 |
| 1. Ubundet investeringsfond | 15 216 629 |
| 2. Bundne investeringsfond | 58 705 294 |

| | | |
|---|---|---|
| 3. Udekket beløp i investeringsregnskapet | | - |
| | | |
| III. Annen egenkapital | | 1 039 902 061 |
| 1. Kapitalkonto | | 1 059 043 961 |
| 2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift | - | 19 141 900 |
| 3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering | | - |
| | | |
| **D. Langsiktig gjeld** | | **3 037 486 053** |
| I. Lån | | 1 372 802 332 |
| 1. Gjeld til kredittinstitusjoner | | 1 372 802 332 |
| 2. Obligasjonslån | | - |
| 3. Sertifikatlån | | - |
| | | |
| II. Pensjonsforpliktelse | | 1 664 683 721 |
| | | |
| **E. Kortsiktig gjeld** | | **192 866 655** |
| I. Kortsiktig gjeld | | 192 866 655 |
| 1. Leverandørgjeld | | 238 112 |
| 2. Likviditetslån | | 75 043 |
| 3. Derivater | | - |
| 4. Annen kortsiktig gjeld | | 192 350 342 |
| 5. Premieavvik | | 203 158 |
| | | |
| **Sum egenkapital og gjeld** | | **4 507 552 799** |
| | | |
| **F. Memoriakonti** | | |
| I. Ubrukte lånemidler | - | 110 661 151 |
| II. Andre memoriakonti | - | 200 000 |
| III. Motkonto for memoriakontiene | - | 110 861 151 |